

Eit magasin frå Eidfjord kommune NR.2 | 2016 | Årgang 17

EIDFJORD NYTT



Heggjagarden

Studiesenteret

Hardangerkonferansen

Skuletreff i Øvre Eidfjord

Nyrestaurerte Heggjagarden. Foto: René Roverts:



Siste Eidfjordnytt ?

Fyrst vil eg dela ei god oppleving eg hadde med Ungdomsrådet i Oslo 15. november. Ungdomsrådet tek berre ut halvparten av møtegodtgjersla dei har rett på når dei er på møte. Resten sparar dei til felles turar som er relevante for arbeidet i ungdomsrådet. Sidan det var lenge sidan sist tur, var både det avtroppande og det nye ungdomsrådet med til Oslo denne gongen. Dei var mellom anna innom Kommunenes hus og deltok i «kommunespillet». Dette er eit spel som syner samspelet mellom politikk og administrasjon i ein tenkt kommune. Temaet i spelet hadde mange fellestrekk med aktuelle saker i Eidfjord.

Neste post på programmet var besøk og omvising på Stortinget. Senterpartiet sin representant frå Hordaland, Kjersti Toppe, tok imot oss, og hadde invitert andre stortingsrepresentantar til møte med Ungdomsrådet. Her fekk ungdommane ei kort orientering om arbeidet i dei ulike stortingskomiteane, korleis sakene vert handsama fram til endeleg votering i Stortingssalen. Deretter vart det ein runde med godt førebudde spørsmål frå ungdommane, og ein god diskusjon med dei frammøtte stortingsrepresentantane. I denne bolken vart eg både stolt og imponert over eit ungdomsråd som har klare meiningar og kan diskutera alt frå kommunestruktur til barnevern, og sjølv sagt var dei innom den mykje omtala fråværsregelen i den vidaregåande skulen. I ettertid har eg fått tilbakemeldingar frå fleire av Stortingsrepresentantane at dei sjeldan opplever ein så god debatt på Stortinget som den dei hadde med Ungdomsrådet frå Eidfjord.

I haust har me fått ny rådmann i Eidfjord. Aud Opheim Lygre er vorten pensjonist, og eg vil nytta dette høvet til igjen å takka henne for godt samarbeid med kommunestyret og god leiing av administrasjonen. Ho har vore tilsett som rådmann sidan juni 2010, og før det hadde ho det meste av arbeidstida si knytt til ulike stillingar i Eidfjord kommune. Eg vonar Aud får mange aktive og gode år som pensjonist.

Etter ein god og omfattande rekrutteringsprosess, er eg godt tilfreds med at eit samla kommunestyre har tilsett Geir Underhaug som ny rådmann i Eidfjord kommune. Kommunestyret og tilsette i kjenner han godt som assisterande rådmann dei siste to åra. Tidlegare har han hatt fleire leiarstillingar i ulike private bedrifter, men og leiarerfaring frå NAV-kontoret i Ulvik. Eg ynskjer han lukke til med det viktige arbeidet for kommunen.

Ei av dei fyrste oppgåvene som den nye rådmannen måtte ta tak i, var å utarbeida budsjett for 2017, og økonomiplan for åra 2018 – 2020. Eit budsjett og ein økonomiplan med mindre pengar på inntektsida enn det me har hatt dei siste åra. Utsiktene til lågare kraftinntekter såg me alt i fjor, men nedgangen vart likevel noko større enn me venta.

Kommunestyret vil difor få ein meir krevjande budsjettprosess i år enn det me har hatt før. Eg vonar me likevel også i framtida kan levera gode tenester til innbyggjarane våre, og ha ei så effektiv drift at det framleis er rom for viktige investeringar.

Å redusera driftsutgiftene er ein krevjande prosess, - sjølv om Eidfjord kommune har eit godt utgangspunkt. Mange av oppgåvene er lovpålagde, og vil verta prioriterte. For mange av tenestene som kommunane skal yta, er det vanleg at brukarane betaler etter sjølvkostprinsippet. I Eidfjord har me lenge hatt råd til å subsidiera tenestene til ei viss grad, men dette vil det nok verta mindre av i framtida.

I Eidfjord har me og ei rekkje gode tilbod som ikkje er lovpålagde, nokre av desse vil nok verta reduserte eller heilt borte. Eidfjordnytt er eit tiltak som eg veit mange set pris på, men som ikkje er lovpålagt. Sjølv med berre to nummer i året, har Eidfjordnytt ein kostnad på godt og vel 100.000. Kommunestyret må prioritera, og slik det ser ut i dag, kan dette diverre vera det siste nummer av bladet.

No fram mot jol vil eg likevel dra fram nokre ljospunkt. Arbeidet med ny Bygdaheim er i gang, neste år får me besøk av rekordmange cruisepassasjerar og utsiktene for reiselivet er gode. Etterspørselen på hyttetomter i Sysendalen er framleis god, og i løpet av få år er Turistvegprosjektet ved Vøringsfossen klart. Dette kan me gle oss til.

Eg ynskjer alle ei god jol, og eit riktig godt nytt år!

Anved Johan Tveit
-ordførar-

INNHALD

- 5 **Eidfjord fjellstyre**
- 6-7 **Sandehytter Vest**
- 8 **Destinasjon Eidfjord**
- 10-12 **Bygdaheimen**
- 13 **Yrkes- & Utdanningsmessa i Tyssedal**
- 14 **Studiesenteret**
- 17 **Eidfjord Næringslag**
- 18-20 **Heggjagarden**
- 22-24 **Skuletreff i Øvre Eidfjord**
- 25 **Kulturkomitéen**
- 26-28 **Hardangerkonferansen**
- 29 **Historielaget**
- 30 **Klimadugnad**
- 31 **Opningstider i jole-og nyttårshelge**
- 32-33 **Året som gjekk**
- 34 **Den store salmekvelden**
- 35 **Eidfjord ungdomsråd**
- 37 **SFO**
- 38 **Lions Club**
- 39 **Sysendalen**

Hellehalsen (foto: Gunnhild Sandvin)

EidfjordNytt
vert utgjeven av
Eidfjordkommune,
5783 Eidfjord

Heimeside:
www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00
Fax: 53 67 35 75
Epost:
postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:
Glenn Wiik
Brynjulf Mugaas
Geir Underhaug
Lisbet B. Celik
Margunn Læg Reid

Grafisk Produksjon:
VOSS PRENTEVERK AS

Ny rådmann i Eidfjord kommune

Geir Underhaug (52)

Tekst/foto: Glenn Wiik

Du har sikkert sett han før, han har vore assisterande rådmann i 2 år. No når rådmannsstillinga var ledig var han ein sterk kandidat, og tilsetjinga var ikkje overraskande for nokon. Han kjenner etter kvart kommunen godt, veit kva for utfordringar me står overfor og kjenner sine gode medarbeidarar. Dette er eit godt utgangspunkt for å gjera riktige val for Eidfjord kommune.

Eidfjord kommune må redusera driftsbudsjettet i åra som kjem. Inntektene går ned og me må tilpassa oss. For den nye rådmannen vert god økonomistyring den viktigaste saka – her kjem bygging av ny bygdaheim som den største utgiftsposten. Elles vil kommunen også satsa på cruisetrafikken,



Vøringsfossen og utbygging i Sysendalen. Ei stor utfordring i så måte er å betra regulariteten på vegane. Avgjerda om heilårsveggar mellom aust og vest kjem ein gong før sommaren 2017, den vil få stor innverknad på kommunen si planlegging dei komande åra.

Geir verdset ein uformell organisasjon og set pris på god og open dialog med dei tilsette. Han vil praktisera «ope dør-politikk» og det skal vera lett å få kontakt med han for dei som har noko å diskutera eller spørja om.

TONESKREDO

Tekst: Marit Stadheim/foto: Tom Jarle Istad Kristiansen

Toneskredo har hatt det veldig kjekt på øvingane i haust. Tom Jarle Istad Kristiansen har klart å øva inn eit flott repertoar med oss – utan at me har fått sjå eit einaste noteark!

18. desember skal de få sjå resultatet – då inviterer Toneskredo igjen til stemningsfull jolekonsert i Eidfjord kyrkje. Det blir eit nydeleg og variert program denne førjolskvelden, med fleire eigne solistar og orkester. I ei kyrkje pynta med masse levande lys ynskjer me å gje publikum den rette jolestemminga.

Billetter kan kjøpast på førehand på YX Eidfjord eller på turistkontoret i Eidfjord, og sjølvsgagt i døra konsertkvelden.
Velkomen til jolekonsert 18. desember!





Villreinjakt ved Grjothalsen

Eidfjord fjellstyre

Foto: Endre Læg Reid/Tekst: Gunnar Elnan

Garnfiskestatistikk:

Det generelle biletet frå garnfisket i haust er likt som for 2015. Både mengde, omfang og fangstsinnsats er veldig likt. Sidan fangststatistikken vart ført i 1998, har fangstane vore nede på årets nivå kring år 2000 og 2008.

Det er registrert 98 selde garnfiskekort, 16 har rapportert at dei ikkje har fiska og 6 har ikkje rapportert.

Så litt til dei viktigaste vatna:

I Nordmannslågen er fangsten den same som i 2015, sjølv om omfanget av fisket har gått noko ned. Samanliknar ein med situasjonen i 2008 var fangstsinnsatsen den same, men fangsten var høgare. Fangsten i Nordmannslågen har ikkje vore så låg sidan 2002. Fjellstyret er kjent med at produksjonen av yngel det enkelte år kan variera sterkt. Det kan

vera aktuelt å gjera ein kontroll med prøvefiske i Nordmannslågen i 2017.

I Tinnhølen held fangstane seg låge sjølv om fangstsinnsatsen held seg på same nivå som i 2015. Talet fisk i fangstane går ned meir enn kilo aure. Dette viser at det på snitt er meir stor aure i fangstane. Det er ikkje gjort endringar i kultiveringa i Tinnhølen som kan forklara nedgangen i fangstane.

I Langvatnet er det ein gledeleg betring i situasjonen. Statistikken viser ein god betring i samla vekt og avkasting. Åra med tynningsfiske mellom 2010 og 2014 synest å ha gitt resultat.

I Lakjen er det nedgang i fangstsinnsats og fangst. Snittvekta er framleis litt under snittet. Det er behov for eit prøvefiske i Lakjen for å kontrollera situasjonen for fiskestamma.

Villreinjakta:

Meir eller mindre samanhengande søraust og sørlege vindar var hovudårsaka til det låge fellingsresultatet på allmenninga i haust. Av ein samla kvote på 547 fellingsløyve, utan å telja med rett til felling av kalv som følgde simle/ungdyrkortet, vart det felt 61 dyr. 21 av dei felte dyra var på kvota Ullensvang fjellstyre disponerte sør for Nordmannslågen.

Det vart ikkje opna for småviltjakt i haust. Takseringa viste gledeleg framgang for rypestamma, men ikkje tilstrekkeleg til at det vart jakt.



Ove og Sveinung Hylland

Sandehytter vest

Tekst: Brynjulf Mugaas/ Foto: Perry Fedje

Ove Hylland og sonen Sveinung etablerte i 2008 Sandehytter Vest AS. Far og son eig kvar 50% av aksjekapitalen. Selskapet er lokalisert i Eidfjord kommune og har einerett for omsetjing av hyttebyggjesett i regionen frå den eldste hytteleverandøren i landet – Sande hus- og hytter AS. I 2012 vart selskapet Øvre-Eidfjord Hyttebygg as registrert. Selskapa vart fusjonert i løpet av året 2016.

Me har vore på synfaring på hyttefelta med Sveinung og Ove for å verta kjend med hyttene og omfanget av utbyggjinga på hyttefelta.

Sande Hus & Hytter AS

Sande Hus & Hytter as er mellom dei leiande hytteprodusentane i Noreg. Selskapet, som er Noregs eldste hytteprodusent, er kjend for høg kvalitet, tufta på solide byggjetradisjonar. Tidsriktig arkitektur og smarte løysingar går att i dei ulike modellane. Det vert nytta material av høg kvalitet i hyttene.

Rypebrotet/Reinslia/Blesterflået Hyttegrend

Høgt og frittliggjande, eksklusive fritidstomter med flott sør-vestvendt lokalisering. Det er sol frå tidleg morgon til seint kveld. Panoramautsikt utover mektige fjellområde. Heilårsveg fram til hyttene. Her er plass til garasjebygg på tuftene.

God tilkomst til terrenget med skiløyper tett ved hyttefelta. Her er opparbeidd gang-og sykkelveg i same trase sommars-tid.

Utviklinga sidan 2008/framtida

Etter etableringa i 2008 har selskapet hatt ei framifrå utvikling. Sveinung fortel at Sandehytter Vest AS hadde ei omsetjing på om lag 8 mill.kr. i 2008 – 2009. Selskapet har oppført og overlevert 60 nøkkelferdige hytter sidan etableringa i 2008. Samla omsetjing for Øvre Eidfjord Hyttebygg og Sandehytter Vest as dei 3 siste åra er på i alt 83 mill.kr. Dei første hyttene vart oppførte i hyttefeltet på «Bruskorvet» som tilhøyrer Anne og Gunnar Garen. Den første hytta som her var oppført var Ove si eiga hytte. Sveinung og Ove har seinare kjøpt fleire tomter og hyttefelt frå Anne og Gunnar samt og «Høel» frå Marita og Nils Garen. Hyttene er oppførte i hyttegrendene Blesterflået, Bruskorvet, Bjørkeholtet samt Høl

hyttegrend. Dei fortel at her vert oppført 11 nøkkelferdige hytter denne sesongen. Ove kan fortelja at dei også kjøper diverse interiør som senger, spisebord, garderoreskap, kjøleskåp og reolar frå Estland slik at hyttene er klare for bruk. Han fortel vidare at hytter og interiøret ofte vert designa direkte av kunde og Ove / Sveinung.

Sveinung og Ove ser positivt på utviklinga i Sysendalen med høg byggeaktivitet samt god drift av alpintersenteret / løypenettet. Dei gjev både uttrykk for at dei er glade for å kunna vera med på ein del av ei slik utvikling.

Under synfaringa fortel Ove at selskapet i framhaldet vil satsa på oppføring av hytter i området Rypelia og Reinslia på nordsida av Rv-7 mellom Garen og Maurseth. Planlagt oppstart er sommaren 2017. Ove fortel at desse hyttene vil få ei fantastisk lokalisering med tanke på utsikt og sol. Det er igangsett omreguler-

ing av desse eksisterande felta slik at alle tuftene m.a. vil få vegtilkomst og likeins ei betre utnytting av tuftene. Likeins skal her byggjast hytter i hyttefeltet Leiro som ligg ved brøytebilstasjonen nær vegbommen under Sysendammen.

Han fortel vidare at det er Gullhagen Anleggsdrift som har bygt vegar samt opparbeidd hyttetuftene dei siste åra.

Me spør om framtida. Her kan Sveinung og Ove fortelja at dei ser optimistisk på framtida og at dei vil ha arbeid i mange år framover med dei planane som no ligg føre. Sysendalen er staden for alle som er glade i friluftsliv heile året. Flotte langrennsløyper og alpintilbod vinterstid. Jakt / fiske og nydeleg turterreng på Hardangervidda både sommar og haust.

Gode attendemeldingar tyder på at hytteigarane er svært nøgde. Ove meiner den beste marknadsføringa er når nøgde kundar fortel vidare til andre om investeringane sine på fjellet.

Samarbeid/arbeidsplassar/verdiskaping

Me spør om arbeidsplassar og samarbeid med andre. Ove kan fortelja at det er 4 snikkarlag med 2 til 3 karar i kvart lag som oppfører hytter denne sesongen. Elles har dei samarbeid med murar Bjarne Øydvinn ifrå Ulvik herad m.fl. Sveinung meiner at det er fordelar med å nytta lokal arbeidskraft fordi dette verkar positivt inn på hyttesalet. Han meiner fordelane for hyttefolket er auka tryggleik ved ansvar ovarfor kunden då alle har ei langsiktig interesse av at arbeidet vert korrekt utført. Vidare meiner han at samarbeidet mellom utførande partar vert enklare når alle kjenner kvarandre og at hyttefolket støttar opp om næringslivet i bygda – noko som dei fleste ønskjer.

Sveinung ser vidare fleire fordelar med å

kjøpe ny fritidsbustad i staden for eldre hytter fordi ein unngår større oppgraderingar og vedlikehaldskostnader samt at ein kan få sin personlege tilpasning vedrørende materialval og planløyisingar. Vidare vil ein få lågare driftskostnader (oppvarming/straum)samt dokumentavgift. Han meiner, imidlertid, at det viktigaste er at ei ny hytte vil gje ei positiv fritid og at ein unngår store uføresette utgifter.

Sveinung og Ove fortel at dei har samarbeid med Perry Fedje frå Paradis Eigedomsmegling. Fedje har formidla og marknadsført alla sala og tatt ansvaret for at alt har gått rett for seg med tanke på kontraktar, garantiar, forskrifter og liknande. Det er, iflg. Sveinung og Ove, mange administrative oppgåver som ein må ta omsyn til gjennom prosessen fram til overlevering av ferdigstilt hytte til kunden. Dei gjev uttrykk for å vera svært glade for samarbeidet med Perry fungerer så bra då dei meiner at Paradis Eigedomsmegling har ei viktig rolle i næringsverksemda.

Me spør vidare om anna samarbeid. Ove

seier at dei har samarbeid med røyrløygjar Kolskår og Utne as, Eidfjord Elektro as, snekkerselskapene Arvid Ystanes, Sigurd Aurdal, Nils Garen og Jan Arne Bu, murmeister Bjarne Øydvinn as samt anleggsentreprenør Gullhagen Anleggsdrift as.

Sandehytter Vest AS ved Ove og Sveinung Hylland har stått for stor arbeidsplass- og verdiskaping i bygda. Dei har hatt ei framifrå utvikling sidan etableringa i 2008 med klar omsetjingsauke kvart år. Framtida ser også ljøs ut. Utbyggjinga har medført at hytteområda har fått eit særpreg og gjort områda med omegn meir attraktive. Det synest og å vera svært positivt at Sandehytter Vest AS har eit omfattande samarbeid med ulike selskap i regionen. Dette er ogå verdiskaping utover kommunegrensa.

Sveinung og Ove ser store moglegheiter i Sysendalen og synest å vera glade for å kunna ta del i denne utviklingsprosessen. Me takkar for samtalen og synfaringa og vil ønskja Sveinung og Ove lukka til med hyttebyggjinga framover.



Kjøkkenmesse (Foto: Sveinung Hylland)



Rypelia hyttefelt (Foto: Sveinung Hylland)

Nytt frå Destinasjon Eidfjord

OPPSUMMERING AV SOMMARESENGEN 2016

Tekst: Marit Stadheim/foto: Kristoffer B Fürsteinberg

Det er tilsynelatande rolege dagar på turistkontoret vårt på kaia...

Men me er der, måndag til fredag kl 9-16, så det er berre å stikka innom og slå av ein prat om de har noko på hjartet.

Destinasjon Eidfjord har fleire verkeområde – hovudoppgåvene er:

- **Turistkontor - drift og vertskapsrolle**
- **Cruise kai - drift, operasjon, mottak**
- **Produktutvikling - DE som pådrivar, verktøy og kompetanse-/koordineringssenter**
- **Destinasjonsutvikling - DE som pådrivar, verktøy og kompetanse-/koordineringssenter**
- **Informasjonsformidling/ Marknadsføring av reisemålet Eidfjord – eksternt og internt**

Det gjer at me har arbeid heile året, og no på denne «rolege» tida endeleg kan setja oss ned og jobba konsentrert med ting me ikkje har tid til elles i året.

Elin, som no vinterstid har gått ned i 50% stilling, gjer ein stor jobb med å svara på alle spørsmål på telefon og epost i tillegg til at ho handterer alle gruppeførespurnader og -bestillingar som kjem inn no framover. Elles jobbar me på denne tida med oppdatering av informasjon – i brosjyrer og på nett, slik at bilete og informasjonen om Eidfjord kjem vidare ut i verda. Dette går ofte via Reisemål Hardanger Fjord, Fjord-Norge og Innovasjon Norge, men også direkte til turoperatørar og til cruiserederi via Cruise Destination Hardangerfjord. Og sjølv sagt direkte til folk som planlegg å koma hit. Heidi har ein stor jobb med nettsida til Destinasjon Eidfjord som er i stadig utvikling. Elles har ho ein del administrative oppgåver for XtremEidfjord med arrangementa Expedition Amundsen i mars og Hardangervidda Marathon i september,

der løpsleiarane som har hovudansvaret gjer ein kjempejobb, men treng litt assistanse i administrasjonen. Det har ikkje vore like roleg heile året...For to år sidan monterte me kundeteljar i døra til turistkontoret. Det er artig å sjå kor mange som kjem innom i løpet av nokre månader. Her er resultatet: Totalt var det 107.610 gjestar som gjekk inn døra til turistkontoret i perioden april – september 2016! I fjor var det 97.283 i same tidsrom.



Hengebru ved Vøringsfossen

Sjølv sagt er cruise gjestar ein stor andel av desse, det viser også salet av billetter og aktivitetar på turistkontoret i sommar. I perioden 01.05. – 30.09. hadde me ein omsetnad på turistkontoret på 2,35 mio + mva i omsetning berre på billetter og aktivitetar, ein auke på 4% i forhold til same tidsrom i fjor. Tal cruisepassasjerar gjekk opp frå 57.593 i fjor til 67.514 i år. Me ser kor viktig cruise er for oss og Eidfjord. Neste år ser veldig bra ut, med 78 anløp på lista vår pr i dag!

Utbygginga ved Vøringsfossen og framtidige fornyingar ved Hardangervidda

Natursenter Eidfjord er store ting som skapar auka interesse for destinasjonen, ikkje berre blant cruiserederia. Når me i tillegg får fleire nye, mindre nisjeprodukt å tilby i bygda vår, er alt dette med på å dra fleire både dagsbesøkande og overnattingsgjestar til Eidfjord. Det at me får rekordmange cruisebåtar til Eidfjord neste år, er sjølv sagt også takka vera den gode marknadsføringa som Helge Møller ved Cruise Destination Hardangerfjord gjer, med direkte rederikontakt, samt det godt fungerande mottaksapparatet me har på kaia.

Ein sesong går fort – og no er det snart jol... Me i Destinasjon Eidfjord AS takkar for godt samarbeid og ser fram til fortsettjninga med dei 50 avtalepartnerane våre som består av reiselivsrelaterte verksemdar i og rundt Eidfjord.

Styret i Destinasjon Eidfjord består av dyktige folk som er aktivt med oss heile året. Ved førre generalforsamling fekk me nye medlemmer inn i styret vårt som no består av Irene Bjotveit Sæbø (styreleiar), Steinar Rinaldo, Britt Mona Eidnes, Tor Fredrik Müller og Ivan Løvheim. Me takkar også dei flinke sommarhjelpene våre for ein flott sesong, både mannskapet på cruisekaia, guidane i Sima kraftverk, og vertane på turistkontoret. Me gler oss til neste sesong! Og er du som les dette interessert i å vera med på laget, kan du snakka engelsk og tysk i tillegg til norsk, ja då er det berre å ta kontakt så snart du kan! Me jentene på kaia ynskjer alle Ei riktig god jolehelg og eit godt og framgangsrikt nytt år!

PS. Har du tid, så sjå den kjekke filmen om fotturen inn til Vøringsfossen som me fekk laga i sommar i samarbeid med Reisemål Hardanger Fjord, med sommarhjelpene våre Katrine og Amanda som modellar: Gå inn på facebook-sida til Visiteidfjord, så finn du den der. Du kan også gå inn på Youtube, søk etter Hiking to Vøringsfossen waterfall in Norway: <https://youtu.be/2zupCLYnJ5Q>

Arrangement i Eidfjord 2017



02.03 – 05.03 Hardangervidda/Maurset

Expedition Amundsen

Frå Haukelisetter til Maurseth i Eidfjord, 100 km på ski med pulk i Amundsens skispor over Hardangervidda. Lag- og indiv. klasse.
www.xtremeidfjord.no



31.05 – 05.06 Eidfjord, Ullensvang og Odda

Hardanger Musikkfest

Programmet finn du på nettsida.
www.hardangermusikkfest.no



23 – 25.06 Eidfjord

Eidfjord småbanecup

Årleg fotballturnering for born.
www.smaabanecup.no



23.06 kl 18.00 Ostangen

Jonsokfeiring

Jonsokbryllup og barnetog frå gamlekyrkja kl 17.30 til Ostangen. Grilling, bål og kos i Ostangen.

Arr: 1. klasse ved Læg Reid Skule



04.08 kl 18.00 Eidfjord

Eidfjord Minitriathlon

1/10 av det store "Isklar Norseman Xtreme Triathlon", 400 meter svømming, 20.6 km sykling og 4 km løping.
<http://eidfjordil.no/minitriathlon>



05.08 kl 05.00 Eidfjord

Norseman Xtreme Triathlon

Verdas fremste ekstremtriathlon, med start i Eidfjord og målgang på Gaustatoppen.

www.nxtri.com



11 – 13.08 Start på Hjølmaberget

Felles fottur til Hårteigen

1690 moh
Med kjentmann og kløvhest på Hardangervidda inkl. 2 overnattingar på Hadlaskard. Felles måltid.

thomas@varbergstunet.no



19.08 Eidfjord

Voss – Geilo sykkelritt

same arrangør som Bergen – Voss rittet, rittet går over Hardangerbrua og via Eidfjord.

www.vossgeilo.no



02.09 kl 10.00 Eidfjord

Hardangervidda Marathon

Heil – og halv marathon med høg-fjells sti, elvekryssingar og løping i trange dalar i Eidfjord. Start i sentrum (halv i Måbødalen) og målgang i Øvre Eidfjord.

www.xtremeidfjord.no



20 - 22.10 Øvre Eidfjord

Hardanger Matkulturfestival

Sal av tradisjonsmat, underholdning, kurs, foredrag, konsert og aktivitetar for store og små.

www.hardanger-matkulturfestival.no



25.11 kl 20.00 Hardangerviddahallen

Rakafiskfest

Kåring av Hardangers beste rakafisk. Dans og underholdning.

www.hardangerviddanaturcenter.no



10.12 i Eidfjord

Jolamarknad på Haugen

Sal av lokaltilverka handverk og mat.

eidfjordaktiv@gmail.com

For informasjon om andre aktivitetar og overnatting i eidfjord:

www.visiteidfjord.no



Siste nytt frå Bygdaheimen



NY LEIAR

Tekst: Glenn Wiik / foto: Aina Samnøy

Eidfjord bygdaheim er ein viktig institusjon i bygda. Dei fleste innbyggjarene i Eidfjord har, eller får, kontakt med tenestene dei tilbyd – anten som heimebaserte tenester eller som bebuar på bygdaheimen. No er det nybyggjning, flytting og rydding som set sitt preg på dagleglivet til bebuarar og tilsette. Samstundes som grave-maskinar og handverkarar styrer med sitt, skal tenestene leverast med god kvalitet. God planleggjing og positive brukarar og tilsette har lagt grunnlaget for ei smidig og velfungerande overgangsordning.

Midt i dette sit ny leiar Margunn Læg Reid. Sjølv om ho er ny i denne jobben, har ho lang fartstid som sjukepleiar på bygdaheimen. Opprinneleg frå Os, har flytta ein del rundt og kom hit i 1991 med mann og barn. Ho har (med eit par korte avbrekk) arbeidd som sjukepleiar på bygdaheimen i tida etter det. I løpet av desse åra har ho også teke tilleggsutdanning i rehabilitering, hjerneslag og helseleing. Kompetansen skulle soleis vera på plass.



Margunn Læg Reid (55)

Margunn er ikkje åleina om å få dette til på beste måte. Ho har mange gode medarbeidarar i tenesta, blandt anna Gunn H. Sandvik, tidlegare leiar, som no er avdelingsleiar, vil vera ein god og solid støttespelar i tida som kjem. Å driva

bygdaheimen på best mogleg måte er eit team-arbeid. Margunn kjenner seg trygg på at bygdaheimen er godt rusta til å takla det som måtte koma av utfordringar.

Når Margunn skal slappa av og lada batteriet reiser ho og mannen gjerne på hytta ved fjorden. Der kan ho slappa av i fredfulle omgjevnader og kanskje fiksa fersk fisk til middag om ho har litt flaks. Elles liker ho godt å lesa, gå på tur og å besøkje gode vener.

Å vera leiar på bygdaheimen er sjølv sagt ei utfordrande oppgåve. Det krev høg kompetanse samt personlege eigenskapar som til dømes evne til samarbeid og arbeidsglede. Margunn har det som krevst for å fylla denne oppgåva. Det vert ei travel tid for alle, men med ny bygdaheim i sikte ein gong i 2019 er det lett å halda motivasjonen oppe.

NY BYGDAHEIM

Tekst: Erik Sandvik

Eidfjord kommunestyre tildelte i juni 2016 kontrakten for bygging av ny bygdaheim til OBAS Entreprenør AS som generalentreprise. Generalentreprise er ei organisasjonsform for bygge- og anleggsarbeid der Eidfjord kommune som byggherre berre har kontrakt med ein entreprenør som har sjølvstendig ansvar for alle leveransar fram til den nye bygdaheimen skal stå ferdig.

Måndag 14. november 2016 var ein stor dag for oss som dei siste åra har arbeidd med prosjekteringen av det nye omsorgssenteret. Då var dei første gravemaskinene på plass på tomte som det første synlege teiknet på at her skal foregå hektisk byggeaktivitet i nesten 3 år framover.

Den nye sjukeheimen inkludert omsorgsbustadene får eit areal på ca. 4 100 m² BTA. Omsorgssenteret vert i hovudsak bygd i ein etasje, men med ein delvis underetasje som skal innehalda tre omsorgsbustader, varemottak, tekniske rom etc.



Gravemaskinen har starta arbeidet med ny bygdaheim (Foto: Grethe Maurseth)

Utbygginga fordeler seg i tre fasar:

1. **Etablering midlertidig sjukeheim.**
2. **Riving av noverande sjukeheim og omsorgsbustader. Oppføring av hovuddelen av den nye sjukeheimen.**
3. **Riving av midlertidig sjukeheim. Oppføring av siste del av den nye sjukeheimen.**

Som følge av den etappevise utbygginga vil den totale byggetida bli relativt lang. Etter planen er venta ferdigstilling sein sommar eller tidleg haust 2019.

Under bygginga av den nye sjukeheimen skal det oppretthaldast drift av ein

provisorisk sjukeheim med plass til 18 bebuarar på samme tomt. Dette gjerast ved at noverande austfløy oppretthaldast og at det mellom dette bygget og Lægreidsvegen aust vert sett opp eit midlertidig modulbygg. Modulbygget vert knytt saman med austfløyen og skal innehalda kjøken, aktivitetsrom og andre naudsynte servicefunksjonar.

Det er grunnarbeida for det midlertidige modulbygget som er igangsett når dette skrivast i november. Når grunnarbeidene er ferdige, vil modulane bli henta frå der dei står no på Austlandet, heist på plass og knytt saman med det eksisterande bygget.

I skrivande stund er også arbeidet med å riva Lægreidsvegen 12 starta opp. Når huset er rive, skal det etablerast ei ny

permanent avkøyring til omsorgssenteret over denne tomte. Me håper dette vil gje ein vesentleg betre tilkomst til området enn slik forholdet har vore fram til no.

Når dette lesast har me óg vore gjennom ein periode med stenging av Lægreidsvegen. Det er klart at eit så stort byggeprosjekt som dette vil måtte føra med seg nokre ulemper både for naboar, trafikkanter og andre. Me skal arbeida for å gjera desse ulempene så små som det er mogleg og til gjengjeld får me håpa at de har litt tolmod med oss. Hugs at resultatet av arbeidet skal bli eit nytt, flott og moderne omsorgssenter som heile bygda kan gleda seg over i mange år fremover.



Bygdaheimen inviterte barnehagen på konsert



Signy Sæbø, Brita O. Hereid og Anna Engtrø deltek i songstund kvar tysdag. Det er veldig kjekt.



Oddrun Sæbø, Sigrid Kvale og Gudrun Varberg på tur til Norheimsund



Gjertrud Kvamsdal og Anna Engtrø er også med på syltetylaging



Brita O. Hereid på tur til Norheimsund i sommar

Brita O. Hereid og Liv Stakseng lagar plommesyltety med plommer frå eigen hage

YRKES- & UTDANNINGSMESSA I TYSSEDAL

Tekst: Helene Hongqin Enge Monsen/Foto: Thorfan Amnatcharoen

Så var tida komen for Yrkes- og utdanningsmessa i Tyssedal i år også. Det var både skular, bedrifter og ulike yrke som deltok på messa, og alle ungdomsskulane i alle hardangerkommunane var invitert.

Så var tida komen for Yrkes- og utdanningsmessa i Tyssedal i år også. Det var både skular, bedrifter og ulike yrke som deltok på messa, og alle ungdomsskulane i alle hardangerkommunane var invitert. Torsdag 27. oktober 2016 var det endelig klart for Utdanningsmessa i Tyssedal. Det var mellom 40 og 50 utdanningsinstitusjonar og verksemdar som hadde posisjonert seg for å svara på spørsmål frå elevane, og forklara kva dei

kan tilby. Dei besøkjande var elevar frå ungdomsskular og vidaregåande skular i distriktet. Frå Eidfjord var det elevane i 10. klasse som reiste saman med rådgjevaren ved skulen.

Yrkes- og utdanningsmessa i Tyssedal har som mål å vera eit bidrag til elevar og føresette slik at dei kan få eit breitt og godt innsyn i alle vala av yrke ein kan finna i vår region. Messa vil kunna hjelpa elevane å

ta sine vidare val bygd på meir innsikt og kunnskap. Elevane fekk også møta vidaregåande skular, opplæringskontor m.m. Verksemdar og organisasjonar profilerte næringslivet og deira mangfald av yrker i hardangerkommunane. Her fekk elevane innsyn i det store mangfaldet av yrke og moglegheiter i regionen vår.



Studiesenteret



Tekst: Timo Knoch og Bergljot Maria Veivåg

Eidfjord kommune er sidan 2013 medlem i Studiesenteret.no og kan dermed tilby ei rekkje desentraliserte studium og vidareutdanningar i bygda vår. Organisasjonen Studiesenteret.no gjer avtalar med høgskular, har ansvar for marknadsføring av studia og er tilretteleggjar mellom student og studietilbydarar.

I denne utgåva av Eidfjordnytt vil me gje ordet til to av studentane som vil dela sine erfaringar korleis det er å vera student på studiesenteret!

► Bergljot Maria Veivåg

Studerte Administrasjon og ledelse ved Høgskolen i Hedmark frå 2013 til 2015:

Korleis arbeidde du/de med studiet?

Studiesamlingane på studiesenteret føregjekk via Webinar der førelesaren har undervisning på skjermen og me kan sitja rundt i Noreg og ta del i diskusjonane. Teknikken fungerer bra og det var ikkje noko problem å diskutera med folk i Vardø, Moss og Hedmark med både lyd og bilete.

Før samlingane vart det sendt ut stream med 1 – 3 førelesingar som ein skulle gjennom samt oppgåver. Desse streamane var tilgjengelig når ein skulle lesa til eksamen og så det var fin repetisjon. Det var to fag kvart semester med avsluttande eksamen, i løpet av semesteret var det minst ei innleveringsoppgåve.

Kva fordeler er det ved denne studieforma?

Du kan studera sjølv om du ikkje har høve til å flytta på deg og sjølv om du har arbeid ved sida. Du kan også sjølv disponera tida du studerer, det er berre samlingane som er faste og desse varer 3 – 4 timar og i mitt studium var dei ca. 1 – 2

gonger i månaden. Du får det same faglege innhaldet som om du møtte opp på ein studiestad.

Kva ulemper er det ved denne studieforma?

Du må lika å arbeida åleine og vera disiplinert til å gjennomføra sjølv om du ikkje møter medstudentar og forelesarar ansikt til ansikt.

Ville du anbefalt det til andre?

Er du ung og ikkje etablert enno trur eg det er sunt å reisa ut av bygda litt og ta studium og få impulsar frå andre. Men er du etablert, har behov for å ha arbeid og inntekt medan du studerer er dette ein super måte å få utdanning eller bygja på utdanning. Her har du høve til å ta ei mengd ulike utdanningar heime frå Eidfjord.

► Ingebjørg K. Khoueiry

Frå Ulvik studerer Administrasjon og Leiting ved Høgskulen i Hedmark sidan 2015 og er ferdig i 2017:

Korleis arbeidde du/de med studiet?

I all hovudsak studering på eige hand, med førelesningsmateriale på nett. Om lag ein dag i månaden er det nettbasert samling, der ein har videokommunikasjon med førelesar og med-studentar via studiesenteret. God kombinasjon. Har også kommunikasjon med med-studen-

tar gjennom sosiale medium, fungerer som kollokvie.

Kva fordeler er det ved denne studieforma?

Den ultimate fordelene er at det let seg kombinera med full jobb. Du har førelesningar tilgjengelege på nett, slik at du kan studera når du ønsker. Å delta på nettbaserte samlingar er ikkje ein obligatorisk del av studiet, men absolutt viktig å prioritera. Obligatoriske innleveringar fungerer som milepæl undervegs og hjelper til med å få deg gjennom studiet.

Kva ulemper er det ved denne studieforma?

Dersom du er strukturert og motivert treng det nødvendigvis ikkje vera ulemper ved denne studieforma. Dersom du ikkje er strukturert, kan det by på utfordringar med å koma gjennom pensum etc.

Ville du anbefalt det til andre?

Eg er sjølv i full jobb, har små born og samstundes ynskje om å vidareutvikla meg. Dette fungerer godt for meg og eg ville ha anbefalt det på det sterkaste for andre i same situasjon. Fleksibelt og lærerikt. Håper fleire får augo opp for kva moglegheiter studiesenteret har å tilby.

NY SKULPTUR TIL TUSENÅRSPLASSEN

Tekst: Lisbeth Bygstad Celik

« SEGMENTUM LUNARIS» - ein bit av månen

I 25 år har Eidfjord kommune hatt eit samarbeid med Norsk bilethoggarforeining og dette samarbeidet er no avslutta. Årsaka til dette er at transport av skulpturane vart kostbart, og i tillegg vart det innført eit pålegg om kunstavederlag på kr. 5000,- pr skulptur. Formannskapet har tidlegare bestemt at me skal vurderer kjøp av ein større skulptur, og at ein då seier seg ferdig med å møblere tusenårstaden med skulpturar. Eidfjord kommunestyre vedtok kjøpet den 31. oktober 2016.

Me har kontakta Viel Bjerkeset Andersen som har vore i formannskapet og presentert ide og modell for sitjeskulpturen kalla «Segmentum Lunaris» (dette er ein bit av månen). Den tar utgangpunkt i skulpturen «mot Nord» som står på Arbeiderplassen i Oslo, men er forma steds spesifikt til Eidfjord.

Temaet i Eidfjord er: Kvar står fullmånen ein klår og mørk vinterkveld?

Skulpturen forhold seg til det omkringliggjande landskapet som er skåleforma, om mørket og vinteren og steds spesifikke historie om den klåre fullmånen når sola ikkje lenger kjem ned til bygda, og retningar og vinklar ein forhold seg til når ein er i sentrum. Skulpturens plan er jordas og månens diameter i et riktig storleiksforhold 1 : 2.000000.

Sitjeskulpturen har ein ytre skulptur-ring med diameter 6, 371 meter og indre skulpturform har diameter 1,737 meter. Den indre sirkelen roterer, og på den måten kunne plasserast i retning der fullmånen til ein kvar tid vil opptre i ei mørk vinternatt. Det betyr òg at den vil kunne rotera i retning sola på sommarsdagen. Skulpturen vert interaktiv ved at ein kan sitja i den og rotera mot sol/måne. Dette vil gje større publikumsoppleving.

Skulpturen vert laga av mørk granitt, med polert toppflate, som vil spegla omgjevnaden og himmelen, alt etter kva vinkel og avstand ein ser skulpturen frå. Det lyse "måneselementet" i midten lagast av lys granitt, polert flate i bogen. Skulptur i granitt er robust, tåler røff bruk, kan spylast og polerte flater er lette å reingjera. Skulpturen er laga av norsk stein i Noreg.

«Vi ser at enkeltmennesker liker det vi gjør og trives med å utvikle en kompetanse som næringslivet trenger, som samfunnet trenger og som de selv er stolt av! Vi utvikler moderne måter å distribuere utdanning på – som er rimelig for det offentlige og gunstig for studentene. Vi ønsker å dele utdanningsressursene vi har i dette landet – slik at de kan nå lengre. Nå flere.»

Lars Utstøl, dagleg leiar studiesenteret.no

Studiesenteret i Eidfjord kan tilby studium på mange ulike fagfelt; alt frå bygdeutvikling, via lærarutdanning til organisasjon og leining er det mogleg å studera her. Det er òg mogleg å ta einsskild fag frå vidaregåande skule på studiesenteret. Her finn du ei oversikt over det aktuelle studietilbodet:

STUDIE	UTDANNINGSINSTITUSJON
BA Nyskaping og samfunnsutvikling, 180 SP	Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB)
Grunnstudium i pedagogikk, 30 SP	Norduniversitetet
Rådgivning I, 30 SP	
Innkjøpsledelse – studieprogram	
Grunnskolelærarutdanning 1-7. trinn, deltid 240 SP	Høgskulen i sørøst-Norge (HSN)
Grunnskolelærarutdanning 5-10. trinn, deltid 240 SP	
Master i utdanningsvitenskap, deltid 60 SP	
Påbygging i økonomi og administrasjon, deltid 60 SP	
Påbygging i regnskap og revisjon, deltid 60 SP	
Årsstudium i organisasjon og ledelse, deltid 60 SP	
Practical Project Management	
Leadership in projects I	Høgskulen i Hedmark, Campus Rena (HiHm)
Forkurs ingeniørutdanning	
Barsel og barnepleie	
Eldreomsorg	Rogaland kurs og kompetansesenter (RKK)
Kreftomsorg og lindrende pleie	
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	
Rehabilitering	
Sterilforsyningsteknikk og smittevern	
Tverrfaglig miljøarbeid	
Veiledning	
Interkulturell, kmommunikasjon Hell/Deltid 60 SP	NLA Høgskulen

Studiesenteret.no ynskjer tilbakemelding frå medlemskommunane om lokale utdanningsbehov. Har du spørsmål eller innspel til studiesenteret i Eidfjord, så tar gjerne kontakt via 97741715 eller timo.knoch@eidfjord.kommune.no.

STYRKETRENING FOR UNGDOM I EIDFJORDHALLEN

Tekst/ foto: Anita Sæbø Myklatun

I januar 2016 var me så heldige å kunne starta styrketrening for ungdom i styrkerommet. Aldersgruppa er 13 – 18 år. Her får alle som er på gruppene rettleiing i apparata og korrigering i køyring av frivekter.

Interessa har vore veldig stor. Totalt 3 grupper med 6 ungdomar i kvar gruppe, gutar og jenter. Her får dei prøvd seg på å løfta riktig/litt tyngde og riktig teknikk. Dei har óg høve til å finna ut om dei liker styrketrening.

Kvar økt varer 1,5 time. Fleire køyrer etter treningsprogram og nokre er med for å verta betre kjende med og trygg på apparata. Under trening er det også mykje latter. Litt klatring i apparata vert det og samstundes som Snap Chat har ei viktig rolle med drivande musikk. Trening skal vera moro!

Når dei har trent i 1 år, klarer dei fint å trena på eiga hand etter treningsprogram med rettleiar tilstades.

Etter fylte 18 år får dei ikkje vera med lenger. Då har dei fått inn det grunnleggjande innan styrketrening og klarer å trena på eiga hand. Ynskjer dei å halda fram med styrketrening, må dei kjøpa treningsskort på kommunehuset. Sidan dei veit korleis dei skal trena/løfta, kan dei difor korrigera og hjelpa kvarandre.

Eit mål haddew vore å fått til styrketrening for vaksne. Styrketrening vert viktigare dess eldre me vert.



Tøffe karar. Frå venstre: Torstein, Oskar, Sindre, Eskil og Teodor



Girl power. Frå venstre: Nora, Oda og Emilie

Hardanger ungdomsråd

Aktivitetshelg 2016

Tekst/ foto: Timo Knoch

Sidan 2011 har Hardanger ungdomsråd arrangert aktivitetshelg for ungdomar i regionen. I år var det Eidfjord som var vertskommune for arrangementet og me kan sjå tilbake på ei hendingarik septemberhelg med meir enn seksti nógde deltakarar frå heile Hardanger!

Ungdomane tok sjøvegen og reiste med TednotilEidfjord på laurdag. Ettoreinvarmlunsj på Eidfjord Fjell & Fjord Hotel gjekk alle til dei aktivitetane dei hadde meldt seg på; Flatearth tilbydde fossefallshopping i Hjølmodalen, Siw Fjellhaug arrangerte riding ved Tråastadlen på Lægreid, Eric Kujf leidde eit fotoworkshop og Inger Kristine Riber og Ragnhild Tronsmo Haugland hadde musikkverkstad på kulturskulen i Eidfjord. Til middag fekk

deltakarane servert god og næringsrik lokalmat på TUNET på Haugen. På disko i samfunnshuset på laurdagskvelden hadde årets Aktivitetshelg – låt Higher and higher premiere! Dei fleste overnatta på skulen og det vart nok langt ut på morgonkvisten før dei siste endeleg sov. Overraskande nok var alle oppe til frukost kl.9 på søndag. Gjennom eit godt samarbeid med Ulvik paintballklubb kunne me ha paintball som fellesaktivitet.

Eit spleiselag mellom klubben, midlar frå Sparebankstiftinga og Hardanger ungdomsråd gjorde det mogleg å kjøpa inn 30 paintball-sett som i framtida kan nyttast på ulike arrangement i heile Hardanger!

Spennande aktivitetar, entusiastiske deltakarar og god mat er faktorar som gjorde Aktivitetshelga 2016 til ein suksess og me vil takka alle sponsorar, aktivitetsleiarar og foreldra som bidro

til arrangementet! Men det mest viktigaste som skjedde denne helga var dei mangfaldige sosiale kontaktane som ungdomane kunne knytta på tvers av kommunegrensene. Me såg born som kom åleine, tok kontakt med andre deltakarar, storkoste seg i litt over eit døgn og reiste frå kvarandre som vener. Òg på sosiale medier vart det både sendt og akseptert mange veneførespurnader denne helga!



Eidfjord næringslag

Tekst: Arnulf Indrebø/ Foto: Lars Inge Thorset

Næringslaget i Eidfjord vart stifta 19.05.1992 står det å lese i Enhetsregisteret, men det var nok stiftingsdato for Eidfjord Reiselivslag som i realiteten var endå eldre. Når Destinasjon Eidfjord AS vart stifta i 2004 så var det ikkje lenger behov for Reiselivslaget som driftsorgan for turistkontoret i Eidfjord, men det melde seg umiddelbart behov for ein arena der næringsdrivande i Eidfjord kunne møtast. Restane av Reiselivslaget, og noko kalla Industrielaget, vart omgjort til Eidfjord Næringslag som famnar alle næringar, og registrert i 2005.

Eidfjord Næringslag har teke mål av seg å skulle fremja næringslivet ved å vera eit idéskapande, initiativtakande og koordinerande organ. Gjennom møte med Eidfjord kommune og næringsinteresser skal me fremja samarbeid.

Aktiviteten i Næringslaget har variert frå avisoppslaget i HF i 2014, der overskrifta varsla nedlegging av næringslaget, til no å ha månadlege styremøte med gode saker å diskutera. På årsmøtet 27.04.2016 vart dette styret vald; Ragnar Sæbø, Anne Lise Bleie, Lars Inge Thorset, Elin Hauge, Oddvar Brakestad og Arnulf Indrebø som leiar.

Forutan vår høyringsuttale til reguleringsplanen i sentrum, og vår støtte til Helge Hopen sin rapport «KVU Voss-Gol Analyse og Tilråding» så viser lite for folk flest. Av det som kjem, så arbeider me med eit medlemsmøte for Eidfjord Næringslag i fyrste kvartal 2017, der kommunen presenterer sitt næringsarbeid og i tillegg at Innovasjon Norge fortel oss om mogelegheitene i deira ordningar. Invitasjonen til dette arrangementet vil også vera ein invitasjon til å teikna eller fornya medlemskapet som ei markering av at Eidfjord Næringslag er «på skinner».

Kva er det som opptek styret i Eidfjord Næringslag?

-I ein kommune bør det til ei kvar tid finnast innom- og utomhus areal regulert til næring. Tilgjengeleg på enten kommunale eller private hender. Reguleringsplanar tek åreis å realisera.

-Eidfjord treng ein mogelegheitsanalyse for å avdekkja berekraftige næringsidéar som kan levera opplevingar til både fastbuande og reiselivet.

-Samferdsle. Me jobbar som best me kan for Rv 7 Hardangervidda. Den vegen er garantisten for vekst i reiselivet i heile Hardanger. Vekst i reiseliv dreg med seg aktivitetar, handel, handtverkarar og entreprenørar.

-Eidfjord må rigga seg for ein potensiell 10% årleg auke av besøkjande medio juni – medio august. Parkeringsplassar, auka trafikkfare og toalettbehov i sentrum er tett på metningspunktet allereie.

Me vil gjerne bidra som samtalepart for næringsdrivande, gründarar og fokevalde. Aller viktigast er samtalan med deg som kun har idéen...det er den alt bygger på. Ta kontakt!

Arnulf Indrebø/ Leiar Eidfjord Næringslag/ +47 91102766/ eidfjordnaringslag@gmail.com



Frå venstre: Oddvar Brakestad, Lars Inge Thorset, Anne Lise Bleie og Arnulf Indrebø. Ikkje tilstades Ragnar Sæbø og Elin Hauge



Heggjagarden



Tekst: Brynjulf Mugaas/ Foto: René Roverts

Ved jolatider i 2015 kjøpte Arthur Fjetland Heggjagarden frå kommunen. Her er etablert eit ansvarleg selskap med Arthur Fjetland som eigar(100%). Me har avtala ein liten prat med Arthur for å høyra litt om bakgrunnen for kjøpet.

Arthur fortel at han alltid har hatt ein gutedraum om å etablera sin eigen fiskerestaurant i bygda. Han er glad i bygda si samt i å laga mat – særleg fiskerettar. Fiskefangsten ordnar han gjerne på eiga hand.

Me har i tidlegare utgåve av Eidfjordnytt skrive om Arthur då han byrja som dagleg leiar ved Hardangerviddahallen. Før den tid var han 30 år i Bergen der han m.a. hadde ei eiga cateringverksemd.

Historikk

Heggjagarden har fått namnet sitt etter sersjant Nils Olsen Heggen. I 1720 bygga han ein jordteig av ein offiserskamerat og oppretta ein gjestgjevarstad me «krohold» ved skysskiftet. Han hadde, imidlertid, ikkje løyve til å drifta gjestgjevarstaden, men likevel ville ikkje futen innlata seg i prosess med han.

Først i byrjinga av 1800-talet fekk Heggjagarden løyve som privilegert gjestgjevarstad og øltapperi. Seinare drifta Svein Wines og Magnus Johnsson Myklatun Heggjagarden. Drifta tok slutt i 1889 då det nye Vøringsfoss Hotel vart bygd på Ostangen nokre hundre meter bortafor gjestgjevarstaden. Då hadde ei ny æra teke til : Turismen.

Bygget

Heggjagarden har 3 høgder / golvflater. I 1.etg. er her restaurant, selskapslokale og bar. Baren vert kalla Slåkhals, fortel Arthur.

Arthur fortel vidare at han har totalrenoverert 2.høgda. Her er innreia 3 soverom, 2 toalett samt bad. Romma er svært innbydande med fin brytning mellom gråe golv, blåe og brune veggar samt kvite, ljose tak. Han fortel vidare at her er to kjellarar. Her har han planar om ølproduksjon. Han har og planar om konjakkbar og kokkebibliotek på loftet samt varierte tilbod til ungdomen i bygda.

Arthur fortel at han ønskjer å halda på den gamle byggjestilen i moderne utforming. Han meiner at Heggjagarden er eit gamalt-kulturhistorisk bygg med sjel som bør takast vare på. Han er generelt oppteke av at alle eldre hus i Eidfjord har ei fin, estetisk utforming. Han er vidare oppteke av at innbo frå eldre tider skal nyttast når loftet er klart til våren ein gong.

Me spør om kvifor huset har fått namnet «Sjel & Gane». Arthur fortel at han har bestemt namnet grunna at huset har sjel samt at han ønskjer satsa på god mat – særleg fiskerettar. Han meiner, imidlertid, at namnet på huset på folkemunne vil verta kokken Arthur i Heggjagarden.

Me har nesten kjensle av at det er «sjel i huset» når me går opp trappa og ser på gamle speglar og ljosekruner.

Me spør om kva matrettar han elles vil kunna tilby på menyen. Arthur seier at han ikkje berre vil ha tradisjonsrik mat som kjøtkaker m.v. Han vil, imidlertid, alltid ha ein god kjøttrett, seier han vidare.

Arthur fortel at han sjøl eig huset, men

leiger det til kokken Arthur as. Alle investeringar har han gjort privat, fortel han vidare. Han fortel og at han har cateringtilbod gjennom kokken Arthur.

Målgrupper arrangement

Me spør om kva målgrupper Arthur ønskjer å satsa på. Han seier engasjert at han vil nå alle som ønskjer ei god matoppleving. Slagordet hans er «fisk til folket». Tilbodet vil han gje både til ibuarar flest, forbikøyrande, cruisebåtturistar m.v.

Me spør vidare om kva arrangement han ønskjer å tilby gjestane. Han vil gjerne ha lukka selskap, konfirmasjonar, «blåturar», bryllaup, matkurs, «live – musicjam», ost & vinkveldar og gjerne tilretteleggja for dei som ønskjer inspirasjon for kunst t.d. måling i kvardagen.

Me spør om Arthur er nøgd med vitjinga så langt. Han er svært nøgd med opningsdagen av huset 8.november. På denne dagen inviterte kommunestyret til avslutningsfest for rådmann Aud Opheim Lygre. Elles fortel han at det har vore innom om lag 150-200 menneske kvar helg. Dette er han svært nøgd med.

Planar / arbeidplassar

Me spør om kva planar Arthur har på sikt. Han ønskjer m.a. å leggja til rette for eit innbydande uteområde med 30-40 sitjeplassar. Takheller frå huset skal nyttast på bakken her, fortel han. Han fortel vidare at han har planar om ei kunstløyve på gamle «Postvegen» samt ei tavle på veggen ved inngangen til huset. Her skal

vitjande kunna lesa om historien knytt til Heggjagarden. Dette synest Arthur å vera svært oppteke av.

Arthur er svært glad for at han alt no har fått førespurnad frå Viking Cruise Line om matkurs og fisketurar lagt inn på deira program for neste sesong. Dette tyder bra, seier han engasjert.

Arthur ønskjer å halda heilårsope kvar helg med ulike arrangement. Han er vidare oppteke av samarbeid med andre reiselivsaktørar i bygda når det gjeld t.d. marknadsføring m.v.

Me spør vidare om han har konkrete planar for førjolsstida. Arthur seier at han vil arrangera lokale jolabord samt halde ope kvar helg f.o.m. 1.desember. Han er og svært oppteke av at Heggjagarden vert jolepynta og innbydande både for forbiøyrande og egne ibuarar.

Me spør om planar når det gjeld arbeidsplassar ved Heggjagarden. Arthur fortel at her vil verta ein fast tilsett utanom han sjølv. Elles vil han satsa på lokale krefter for deltidsarbeid. I sesongen har han pla-


nar om 4-5 tilsette i heil stilling.

Heggjagarden er ein kulturarv. Restaurering av bygget i samsvar med gamal byggjeskikk vil tilføra staden eit særpreg og samstundes løfta det estetiske og kulturhistoriske inntrykket av bygget. Heggjagarden og Sjøbua med omegn er sjølv innfalsporten til Eidfjord og utgjør førsteinntrykket av bygda når ein kjem køyrande langs fjorden vestifrå. Tilbodet Heggjagarden vil styrkja reiselivs- og kultur mangfoldet i bygda samt gje mange gode arbeidsplassar både til utanbygds og egne ibuarar.

Arthur Fjetland har, gjennom sitt restaureringsarbeid av Heggjagarden tilført bygda eit framifrå reiselivsprodukt som det står respekt av. Arthur er ei eldsjel når det gjeld prosjekt- og nytenkjing. Han har m.a. tidlegare restaurert fleire hus i Eidfjord.

Me takkar Arthur for samtalen og ønskjer han og dei tilsette lukka til med førjolsarrangementa samt framtida for kokken Arthur og Heggjagarden i Eidfjord.





SYSENDALEN

Turglede for alle



Frivillig innbetaling til produksjon og vedlikehold av skiløyper i Sysendalen vintersesongen

Sysendalen Løypelag inviterer alle til å delta med frivillig innbetaling til produksjon og vedlikehold av løyper i vinter slik at vi også denne sesongen får et løypenett av god kvalitet, til felles glede. Det kostar meir enn kr 600 000 å få produsert et tilfredstillende løypenett for denne sesongen.

POST CARD

THIS SPACE FOR ADDRESS ONLY



Løypeavgiften er fastsatt til kr. 700,- som frivillig innbetaling.

Vi håper flest mulig velger å delta. Uansett så er vi glade for alle bidrag, stort eller lite.

På forhand takk.

Du finner faktura under Løypelaget - her:

www.sysendalen.no



På biletet er frå venstre: 1. rekkje, Ragnhild Myklaton, Gjertrud Myklaton, Odrun Ramsdal, Hildegunn Garathun, Kirsten Kvale, Tordis Kleivkås, Toralf Ramsdal. 2. rekkje, Lærer Gunnar Læg Reid, Sigmund Sæbø, Leiv Henry Sæbø, Steinar Litlatun, Bernt Matre, Endre Garathun, Ove Varberg.

Øvre Eidfjord skuletreff

– 1960–1970 –

Tekst: Tordis Kolltveit, f. Kleivkås

Tidleg i år fekk alle elevane som gjekk på skulen i åra 1961-1970 hjå Gerd og Ingvald Bastesen invitasjon til klassetreff med både dei og andre lærarar som hadde gått/vore på Sæbø skule i den perioden.

Det var ei av døtrene til Bastesen – Gunnlaug, som saman med faren klarte å oppspora nesten alle desse elevane – ved hjelp av facebook og klasselister – kontakt med folk etc. Det var også sagt at berre du budde i Øvre Eidfjord på den tida så kunne du delta.

Tida gjekk og det vart sendt ut påmelding og program. Me skulle møta i Hardangerviddahallen kl. 16.00 – laurdag 27. august. Me skulle få betasuppa og dessert, og kaffi og kaker utover kvelden til kun kr. 300,-.

Me møttest inne i Veslesalen – det var sett opp som eit klasserom, Gerd tok imot oss og helste på alle på veg inn. Når alle hadde funne seg plass, kom læraren

ned trappa i rommet i den blå frakken han pleide å bruke når me gjekk i skulen – og den brune veska var også intakt! Me reiste oss alle saman og klappa – og så skulle me syngja eit morgonvers – som var vanleg til fyrste time.

Bastesen – (me var ikkje på fornavn med han) så vidt eg hugsar – fortalde litt om kvifor og korleis dei havna i Øvre Eidfjord – dei hadde vore lærarar i Alta nokre år fyrst – dei var veldig unge når dei kom – men hadde med seg 2 døtre og ei barne-jente frå Alta. Han påstod dei hadde lagt ein linjal over kartet frå Mongstad (der Ingvald var ifrå) og til Brandbu (der Gerd var ifrå). og då var midten på linjalen i Eidfjord. Men dei hadde vel kanskje

sett at der var ledig stilling også på Sæbø Skule. Dei syns det var vel høge fjell her – men dei fekk jobben og vart værande i 10 år – dei fekk og ei dotter til mens dei var her – og ein son som vart fødd etter dei flytta herifrå til Frekhaug – der dei bur endå.

Deretter var det «elevane» sin tur til å presentera oss – me var nesten 50 stk. som hadde meldt oss på – naboen til skulen Gudrun Varberg var der – og Guro Sæbø som hadde latt dei overnatta på gjestgjeveriet fyrste natta dei var i Eidfjord – dei måtte riktignok liggja på golvet i stova – fordi alle romma og hyttene var fulle. Desse to damene nærmar seg 100 år i dag.



Gamle bilete frå skuletida i Ø.Eidfjord, slutten av 60-talet. (foto: Ingvald Bastesen)

Alle reiste seg opp ein og ein og fortalte kva me heitte og kva me hadde gjort etter me gjekk på skulen i korte trekk. Etter ein time i veslesalen gjekk me inn i restauranten og fekk god betasuppe med dessert og kaffi. Me hadde mykje å prata om – det var mange me ikkje hadde sett sidan me gjekk på skulen – og nokon kjende me faktisk ikkje att heller.

Eg kan berre snakka for meg og den klassen eg gjekk i – for me byrja vel ikkje hjå Bastesen før i fjerde klasse så vidt eg hugsar. Dei andre lærarane som hadde fyrste til tredje klasse hadde andre lærarar som også var tilstades. Dei vart også presenterte.

Etter me hadde site ved fleire bord inne i Hardangerviddahallen og fått god mat, eit par timar – det var litt underholdning der og – så gjekk me innatt i veslesalen og fortsette med mimring. Gunnlaug hadde digitalisert masse bilete som foreldra hadde teke på skulen, av forskjellige klasser og med andre lærarar.

Der var og mange konfirmasjonsbilete frå fleire årskull. Fleire fortalte morsomme historiar frå skuletida og Bastesen fortalte mykje om kva han hadde gjort etter han drog frå Eidfjord. Han har vore med på mykje – og har vore veldig aktiv i mange fora både inn- og utland. Han fortalte bl.a. at han hadde knekka


nokre ribbein ein gong og vart plastra med tape rundt brystet og fekk nesten ikkje pusta – og når dei skulle riva det bort så heldt han på å besvima av smerter. Han var med på alle aktivitetar me hadde i friminuttet så det gjekk vel litt hardt for seg av og til. Med slåball, kanonball m.m. Eg hugsar at ein av elevane fekk ei kule i hovudet når me hadde idrettsdag, og ei av jentene i klassen fekk balltreet i ansiktet når ho sto rett bak ein som slo ballen ut i slåball. Så det gjekk hardt for seg. Når me gjekk i skulen under Bastesen så hadde me teljing av kilometer på ski – så der hadde me ein fordel som budde lengst vekke frå skulen (Finnasteinflåten, Tveite, Neset og Lund) . Me samla og



Hans Myklaton, Kari Myklaton og Åse Myklaton (Reite) (Foto: Kari Oddveig Myklathun)



Bastesen syner at han ikkje har gløymt gamle kunster (Foto: Kari Oddveig Myklathun)



Ingvald og Gerd Bastesen (Foto: Ingebjørg Myklaton)

kilometer ved å gå rundt Varberg og ned Todnhaugen på Fleto og nedatt til skulen. Me hadde og skidag til Hadle – og det var jo nymotens på den tida med skidag.

Bastesen oppretta og eit lite kor (dette hugsar han ikkje sjølv) og me hadde fram-syning for foreldre av Tuppen og Lillemor – samt han starta eit idrettslag som heite Fjellvarden – der me måtte skriva under på at me ikkje skulle røyka eller drikka alkohol.

Tida gjekk fort i godt selskap – me hadde det veldig moro – me var innigjen i storsalen og drakk kaffi og smakte på deilige kaker som fleire i Øvre hadde bakt. Så då sat me der i nesten to timar til – ifrå kl. 21

til nesten kl. 23. Mange fortalde artige historier dei hugsar frå skuletida både frå skulen og frå klasseturar. Eg hugsar at me var på skuletur til Bergen, og me budde på Augustin Hotel og klarte å gå oss vill når me skulle tilbake til hotellet. Og me var på Komedia teater og såg Jeppe på Bjerget (trur eg).

Gerd leste dikt av Bjørnstjerne Bjørnson «Undrer meg på hva jeg får at se over de høye fjelle» og det passa jo godt til den beskrivelsen dei hadde når dei kom køyrande ned Måbødalen – og lurte på kva dei fekk sjå nedunder fjella i Øvre Eidfjord.

Dette var eit kjempekjekt tiltak – for så få elevar me har vore i kvar klasse i Øvre

så er det ikkje så vanleg med klassefest. Men når me slår saman alle klassane gjennom 10 år så vert det en fin gjeng – og dei fleste kjende kvarandre.

Eg legg ved eit bilete frå 3 årskull – 1956-1957-1958 dette var riktignok før Bastesen kom til Eidfjord – me hadde Gunnar Lægreid på dette biletet. Ellers hadde me Ivar og Laura Raubotn, Hans Litlathun og Oddvar Svingen før Bastesen. Eg såg på bilete frå dei andre klassane som hadde andre lærarar – og at søylene på trap-pa var fiksa etter vår tid. Det er sikkert andre som har fleire minne frå treffet – men dette er mine minne, eg takker for eit kjeft treff med «gamle» kjente.

6.KLASSE BYGGJER LEIRPLASS I SKOGEN

Tekst og foto: Nina Eiken og Evy Prestegård

6. klasse ved Lægreid Skule har i haust hatt tre timar uteskule kvar veke. Me har fått lov til å boltra oss i eit område i skogen ovafor Øvrehaugen bustadfelt. Klassen har saman funne ut kva plass som kunne eigna seg til å laga leirplass og setja opp ein gapahuk. Dei har samarbeidd og delt idéar for å koma fram til den beste løysinga.

Idéen til ein leirplass i skogen har lærarane fått frå Brakanes skule i Ulvik. Der har dei ved fleire høve hatt uteskule med elevar på litt større klassesteg. Å byggja ein leirplass som me kunne gå til fast og ha skule ute verkar som ein veldig god idé.

Her står elevane under skjelettet av det som skal bli ein gapahuk. Dei har sjølve saga tre og berekna kor tjukke trea må vera for å kunne nyttast til gapahuken. Mykje nyttig kunnskap kjem fram, og blir delt under ein slik diskusjon. Både lærarar og elevar har hatt det kjekt.

Leiren er framleis under bygging, men me håpar å få tett tak før snøen kjem.

I leiren håpar me blant anna å ha ein vêrstasjon, der me måler temperatur og nedbør. Me ynskjer å kunne laga mat ute (mat&helse), og me veit at fag som norsk, matematikk og naturfag er kjekkarer å læra når ein er ute. Framfor alt håpar me på at undervisning ute i all slags vêr kan gje både elevar og lærarar nyttig kunnskap i både korleis me kler oss og oppfører oss i naturen.





Herreklubben på Liseth i august. Frå v. Arne Ramsdal, Samson Instanes, Magne Nedrevåg, Lars K. Myklatun, Tor Bu og Erling Herland.

Kulturkomiteen

Tekst: Kulturkomiteén / foto: Hans Hellevang

Og slik går no dagane i Kulturkomiteén. Kulturkomiteén er inne i sitt niande år i 2016, og difor kan den intelligente og svært oppegående lesaren slå fast at me i 2017 med brask og bram kan feira vårt 10-årsjubileum. Men, nei, så svært til feiring vert det nok ikkje, men kanskje markerer me at det er gått ti år sidan oppstarten. Fylg med!

Vår intensjon har gjennom åra vore å laga til små arrangement på Bygdaheimen vår, som nokon no har funne ut lyt rivast. Me har ynskt å gje eit lite bidrag til kvardagen for bebuarane og gjera dagane litt meir underhaldande enn dei elles ville ha vore. For sjølv om ein har det svært godt på Bygdaheimen vår, så vil det alltid vera godt med meir aktivitet og at noko skjer. Det har difor vore eit mål at seniorane våre skulle få ta del i flest mogleg av dei underhaldnings-/kulturtilbodene me andre boltrar oss i.

Det har vore varierende kor mykje me har fått i stand, ja, me kunne sikkert ha vore flinkare. Men me har også jobba for å skapa større merksemd kring det å få fleire av dykk til å vilja underhalda våre eldste. Sjølv sagt er me takksame for alle dei som vil ta del og tek kontakt gjennom Kulturkomiteén, men me er også glade for dei som vel å kontakta Bygdaheimen direkte for å tilby eit underhaldningssinnslag. For vårt store felles mål er jo at det jamleg går føre seg kulturell aktivitet på heimen.

Romjola

No i jola skal me ha romjolsunderhaldning for 8. gong på rad. Dette har vorte ein tradisjon som me vonar me saman kan klara å halda fram med, der me åtte

dagar på rad tilbyr underhaldning rett etter kaffistunda. No er det slett ikkje oss i komiteén som då står på scena og syng og jodlar, men derimot våre trufaste hjelparar. Me nemner ikkje namn, men rettar ein utruleg stor takk til alle dei som bruker ein joladag til å skapa glede for bebuarane. Tusen takk, ikkje minst til dei som år etter år stiller opp.

Klokka 15.30 er det kaffistund dei fleste romjolsdagane, og klokka 16.15 startar underhaldninga. (Sjekk tida på programplakaten vår.) Kva med å ta deg en tur oppom og vera med, forresten? Alle er



Leif Inge Tormodsæter opptre på Bygdaheimen i september.


velkomne på Bygdaheimen.

Styret i Kulturkomiteén (KK) er Lars Hoel (leiar), Gunnvor Hopen Veka, Hans Hellevang og Samson Instanes. Du kan kontakta oss per telefon eller bruka epost-adressa: kulturkomiteen@outlook.com

Herreklubben

Eitt av tiltaka til KK er Herreklubben, som vart starta i januar 2012 med Hans Hellevang og Lars Hoel som leiarar. Kvar månad er denne treffstaden for vaksne menn open. Ein samlast oftast i tida frå 11.00 til 12.30, men stundom tek me også ein tur ut i den store verda.

Til no har basen vår vore Herrestovo i servicebustaden ved Bygdaheimen, men i 2017 lyt me nok finna oss andre lokale. Det er ikkje medlemskap i Klubben, så difor er absolutt alle og einkvar velkomen til å slengja innom. Me lèt praten gå medan me meskar oss med ein kopp kaffi og ofte vaflar. Skal det vera riktig festleg, kan det nok også skje at ein får seg to koppar! (Skal det vera, så skal det vera!) Oftast avsluttar me samlinga med noko underhaldande, til dømes bilete eller film. Kontaktperson for Herreklubben i 2017 er Hans Hellevang.



HARDANGERKONFERANSEN

Tekst/foto: Trude Rinaldo

Me, eigarane av Hardangerkonferansen, har ei målsetjing om å arrangera ein årleg konferanse i Hardanger som viser framtidspotensialet og gjev inspirasjon til felles innsats for Hardangerregionen. Me vil skapa forståing for felles satsing i samarbeid og samhandling blant alle i Hardanger: næringsliv, politikarar, byråkrati, organisasjonsliv og andre med samfunnsinteresse og samfunnsansvar som vil bidra til eit livskraftig Hardanger.

Me vil samla alle gode krefter som vil utvikling for Hardanger og rettar energien same vegen og gjer kvarandre sterke. Motsetningar må på bordet og avklarast. Hardanger er inne i ei tid med endring og omstilling, dette må me bruka til felles vekst og fornying, for her vil me bu og leva gode liv.

Hardangerkonferansen er eit samarbeidstiltak mellom Sparebanken Vest, BKK, Hordaland fylkeskommune, Reisemål Hardanger Fjord, Hordaland Bondelag, vertsheradet og Hardangerrådet iks

Hardangerkonferansen har blitt ein god møteplass i og for Hardanger. Det starta med Streif i 2005 og seinare har det vore konferanse kvart år:

Tema 2005:

Første konferanse i samband med Streif

Tema 2006:

Hardanger 2030 -scenarier

Tema 2007:

Saman for Hardanger si framtid

Tema 2009:

Hardanger som næringsregion

Tema 2010:

Internasjonale Hardanger

Tema 2011:

Nye Kommunikasjonar Rekruttering

Tema 2012:

Kompetanse og rekruttering i Hardanger

Tema 2013:

Nye Hardanger – fantasi eller framtidsherad

Tema 2014:

Næringsutvikling i Hardanger – Rammevilkår og framtid

Tema 2015:

Hardanger i vekst: Hardangerkvalitetane – vekstkraftige sentra



HARDANGERKONFERANSEN 2016 I EIDFJORD

Tema 2016:

«HARDANGER i OMSTILLING»

- Kor sterk er merkevara Hardanger i marknaden?

- Korleis vil «Det grønne skiftet» påverka utviklinga for regionen?

Nytt dette året var at Reisemål Hardanger Fjord hadde lagt sin Haustkonferanse til Hardangerkonferansen, med eigen bolk onsdag ettermiddag. I denne bolken fekk me interessante døme på utviklingsarbeid og merkevarebygging.

Mellom anna presenterte Destinasjon Eidfjord i lag med Expedisjon Amundsen

korleis ei lita bygd som Eidfjord skaper aktivitet og inntekter langt utover normal sesong med arrangementsturisme. Deira presentasjon og alle dei andre presentasjonane frå konferansen kan de finna på hardanger.com.

Terje Breivik opna dag 2 direkte frå Stortinget på Skype. Han oppfordrar oss å bruka Hardingen på tinget for å fremja Hardanger. Kven elles skal arbeida for Hardanger på Stortinget om ikkje han gjer det?

Samarbeid i næringsklynger vil verta eit fokusområde for Hardanger i tida som kjem. Næringshagane i Hardanger er tett på fleire, og ein god stad å møte andre.

Konferansen presenterte i lag med Greenstat eit Hydrogen case Hardanger.

«Kva for moglegheiter er det knytta til hydrogen som energibærer i Hardanger-regionen?»

Det som skal verta varig må endrast !

Meir informasjon om Hardangerkonferansen 2016 og alle innlegga finn du på hardanger.com.



Natalia på Hardangerkonferansen



Agatunet streif



Dansarar



Terje Breivik på Skype.

Historielaget

UTGRAVINGSPROSJEKTET PÅ LÆGREID

Eidfjord er kjend for vestlandets største gravfelt frå jernalderen med om lag 400 graver. Desse ligg på Hereid med utsikt til Lægreid der arkeologar for tida grev fram eit langhus på minst 35 m. I tillegg er det spor etter eit mogleg grophus og minst to andre huskonstruksjonar. På eitt av felta er det kokegropene som dominerer. Kanskje var det her Masterchef Eidfjord vart gjennomført år 300 e.Kr.?

Universitetet i Bergen står ansvarleg for utgravingane. Dei held fram i 2017. Eidfjord historielag vil få informasjon etter som arbeidet går framover og eidfjordingane vil få ny og interessant kunnskap om tidleg busetnad, levemåte og næringsliv som går 2000 år tilbake.



Foto: Universitetet i Bergen

DETTE HAR SKJEDD...

I september hadde laget bilete visning frå Simadal i gamal tid der det kom over 40 personar, noko som er ny rekord. 10. Oktober fortsette me, og viste bilete frå Hereid . Då med større bilete på skjerm. 14.november var det Anne Drageseth som fortalde frå si doktor avhandling om Vikinggravene på Hereid. Alt dette på Evjo aktivitetssenter.

Arbeidet med Bergasyljaheftet er ferdig for i år, og kjem i sal etter 28.des. på butikkane i Eidfjord. Skal det bli eit nytt hefte til neste år ynskjer me at fleire hjelper til med bilete, historier og skrivearbeid.

AKTIVITETAR FOR VÅREN 2017

Tekst: Gunn Marit Lægreid

Måndag 9. Januar. kl. 19 : NRK-Film frå Hellehalsen på Hardangervidda med kulokk, garnfiske, fugleliv, Gunnar Lid og Kari S. Myklatun. Deretter bilete frå Hellehalsen på storskjerm. Sal av kaffi og kaker. Stad: Evjo aktivitetssenter.

Måndag 13.febr.kl.19; Nordmennene si eiga historie, opplevingar frå Vestlandet, 1905 og framover. Sal av kaffi og kaker. Stad: Evjo aktivitetssenter.

Måndag 13.mars.kl.19; Biletframsyning frå Måbø Vøringsfoss, Garen, Fet og Maurseth. Samarbeid med Evjo aktivitetssenter. Sal av kaffi og kaker. Stad: Evjo aktivitetssenter.

Måndag 10.april kl.19: Årsmøte. Sal av kaffi og kaker. Stad: Evjo aktivitetssenter.

Truleg vert det og tur langs kanten av Hjølmadalen, i tillegg til tur langs veitene i Øvre Eidfjord, sjå plakat for dette.

Til hausten kan me m.a. by på foredrag om Hallingskeid som handelsplass og temakveldar om dei ulike turisthyttene våre.

Tek atterhald om evt. endringar i programmet.

DEN STORE SALMEKVELDEN 5. MARS



Tekst: Kris Ulita

Når me no gjeng inn i jolehøgtida, vil me syngja mange gode og kjende salmar og songar både i kyrkja og elles i heimane. Ja, det finst ei rekkje salmar som me alle har vorte glade i; songar nokre av oss kjenner frå den gode, gamle ynskjekonserten i radioen, salmeboka eller frå ulike kyrkjearrangement. Det kan vera salmar me hugsar frå både glade og triste høve; men uansett trur me at mange eidfjordingar og hardingar har fått eit nært forhold til særskilde songskattar med sine flotte melodiar og meningsfulle tekstar.

Mange var det som gledde seg ved å høyra og sjå NRK2-sendinga «Salmeboka minutt for minutt» før jol i 2014, og kanskje var du éin av dei som sat godt plassert i stova di og song med på dei mest fengjande salmane, for det er eit faktum at mange av desse har svært gode melodiar som det er lett å stemma i med.

Me som til dagleg arbeider i kyrkja, har erfart at det er interesse i bygda for ein salmekveld, ei samling der me mellom anna kan syngja dei beste og mest folkekjære songane. Difor har me alt no sett opp datoen søndag 5. mars (kl. 18.00), slik at du har høve til å merka den av i almanakken din. Dette vert også eit godt høve til å invitera med deg songglade vener frå både Eidfjord og nabobygdene. For dette trur me skal verta ei veldig kose-

leg, uformell og fin kveldsstund, der nettopp du og dine kan syngja ut.

Me oppmodar deg no til å setja opp ei lita liste med éin eller fleire salmar som du kunne tenkja deg vart valde ut som ein del av programmet denne mars-sundagen. Ja, kva er din favorittsalme? Me kan sjølv sagt ikkje lova at alle forslaga kjem med, men sei din mening, så gjer me vårt beste.

I NRK-sendinga fekk me høyra 899 salmar og 200 kor i løpet av dei 60 timane med sakteTV. No skal ikkje me freista å konkurrera med dette, men triveleg skal det verta i kyrkja søndag 5. mars.

For denne kvelden er det aller viktigast at me alle kan syngja med den røysta me

har, for den er god nok! Men samstundes får me også god hjelp av Kulturskulen, Toneskredo, Vetlaskredo og Harmoni. For ein kveld det skal verta!

Sjå elles oppslag ved butikkane og informasjon på Facebook i februar for nærare detaljar om salmekvelden.

Du lyt senda oss dine forslag til salmar innan 10. januar. Du kan bruka epost-adressa rufsenis@gmail.com, sende en melding på kyrkjias facebook side, senda eit brev til Eidfjord kyrkje, postboks 23, 5786 Eidfjord, levera ein lapp eller berre fortelja oss kva ditt ynske er.

Ansvarleg for arrangementet er organiserten vår, Kris Ulita.



Novelle



MOBILBRUK PÅ SKOLEN

Mange lærere og foreldre mener at det burde bli mobilfrie skoler i hele landet. De mener at ungdommen sitter på mobilen hele dagen, og de trenger ikke gjøre det på skolen også. De mener at ungdommene blir usosiale, får nakkeproblemer og synsproblemer. Kanskje det er mye nettmobbing? Men det de ikke forstår, er hvor mye enklere livet blir ved å ha tilgang til mobilen. Jeg forstår det de mener. Ingen vil ha nakkeproblemer eller synsproblemer, det er ikke morsomt å sitte helt stille på mobilen hvert minutt av hvert friminutt hvert år. Det største problemet er nok nettmobbing. Jeg sier ikke at jeg vil sitte på mobilen hver dag og mobbe andre på nett og så få problemer i nakken og med synet. Men finnes det ikke løsninger på slikt da? Jeg mener bare at det ikke hjelper med mobilforbud. Her har vi sett på alt det dårlige med å ha mobilen på skolen, men hva med å se på det gode?

Om en elev må ha kontakt med foreldrene sine, er det ikke enkelt å bare la hen sende en melding hjem uten å styre med at læreren skal få vite alt og så låne telefonen deres? Jeg

har ofte notatarkene mine til en prøve på mobilen min, og lærer dem derfra. Det er mye enklere enn å måtte kopiere ut alt, bruke pengene til skolen på blekk og papir, til noe som skal bli kastet etterpå? Jeg har også fått noen nettsider av læreren for å lære meg et nytt språk, og de nettsidene har sine egne "apper" sånn at jeg kan få øvd i friminuttene før en prøve eller en time. Er ikke det enklere enn å bare sitte å øve kvelden før på datamaskinen hjemme? Det å ha muligheten til å gjøre begge deler? Jeg har også kalendere som jeg bruker ganske ofte, både som bok og på mobilen. Er ikke det egentlig ganske greit å bare skrive planene dine inn på mobilen som du har med deg overalt, i stedet for å måtte ha med deg almanakken og en penn i friminutta eller hvor som helst? Mobilen blir jo ikke bare brukt til sosiale medier, men også som et kamera. Er det ikke koselig å ha med seg et kamera og en "kamerarull" med deg overalt? Å kunne skryte litt til vennene dine, for du har en video av hunden din som gjorde et så kult triks? Tenk deg at du kommer i et nødstilfelle der du ab-

solutt trenger internett og datamaskin til noe viktig, og du har ikke lov til å bruke mobilen din. Da må du finne en lærer som har de rette nøklene til å låse opp klasserommet, så låse opp skapet, så låse opp dataskapet, så funker kanskje ikke internettet så du må koble på med kabel, så er du kanskje akkurat tom for strøm så du må lade, da tar det mye tid. For den læreren du henter er jo vanligvis rett utenfor og står vakt, hvem skal stå der mens du bruker lang tid på alt det tullet? De må jo låse etter deg. I stedet kunne jo du bare gått inn på mobilen med internett og fikset det uten at en lærer hadde trengt å vite det engang.

Jeg sier ikke at vi skal få være usosiale på mobilen hver dag, men at det finnes muligheter. Ved nettmobbing tar for eksempel mobbeofferet kontakt med lærer og finner ut av hvem som mobbet, og da får de en straff. De som er for usosiale og bare sitter på mobilen, de blir tvunget til å bli med på en aktivitet. Man har lov å ha den med seg, og det er lov å sjekke, men ikke sitte på den hele tiden.

Tekst: Helene Enge Monsen, 10.klasse Lægreid Skule



OPNINGSTIDER I JOLE- OG NYTTÅRSHELGE



Coop Eidfjord

23.12	09.00-20.00
Jolaften 24.12	09.00-12.00
1 joladag 25.12	stengt
2 joladag 26.12	stengt
27.12	10.00-17.00
28.12	10.00-17.00
29.12	10.00-17.00
30.12	10.00-20.00
31.12	09.00-14.00
01.01.17	stengt
02.01.17	15.00-18.00 grunna varetelling

Yx Eidfjord

23.12	08:00 til 20:00
Jolaften 24.12	09:00 til 14:00
1 joladag 25.12	Stengt
2 joladag 26.12	09:00-20:00
27.12	08:00-20:00
28.12	08:00-20:00
29.12	08:00-20:00
30.12	08:00-20:00
31.12	09:00-14:00
01.01.17	10:00-21:00

Kommunehuset og legekantoret

Jolaften 24.12	STENGD
27.12.	09 – 14
28.12	09 – 14
29.12	09 – 14
30.12	09 – 14
31.12	STENGD
Legevakt: tlf.56 52 60 03	

Joker Eidfjord

22.12	09 – 20
23.12	09 – 20
Jolaften 24.12	09 – 14
27.12	09 – 18
28.12	09 – 18
29.12	09 – 20
30.12	09 – 20
31.12	09 – 16

Eidfjord Byggevarer AS

23.12	08.00-12.00
24.12-31.12.	stengd.
02.01.2017	08.00-16.00

MIX Kroa

23.12	10 – 22
Jolaften 24.12	10 – 14
1 joladag 25.12	13 – 19
2 joladag 26.12	11 – 22
27 – 30.12	10 – 22
31.12	09 – 18
01.01.17	12 - 21

Eidfjord kyrkje

27.11 kl. 18.00	Ljosmesse
30.11 kl. 09.30	Teatergudsteneste
13.11 kl. 12.20	Adventsgudsteneste
18.12 kl. 19.00	Konsert med Tone skredo
20.12 kl. 19.00	Kyrkjekino i kinosalen
24.12 kl. 16.00	Jolaftangudsteneste
25.12 kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste
31.12 kl. 16.00	Nyttårgudsteneste
03.01 kl. 17.30	Joletrefest i kyrkjelyd-salen

NAV Eidfjord

28.12	10.00-14.00
-------	-------------



Hugsar du sommaren? (foto: Rene Roverts)

ÅRET SOM GJEKK



Høgdepunktet for alle snille barn (foto: Glenn Wiik)



10.klasse arrangerte andeslepp (foto: Rene Roverts)



Vassproblem på Bu er ei daglegdags utfordring på KTD. (foto: Kjell Arild Kvale)



Hjortejakt under Øktanuten (foto: Endre Læg Reid)



Vegane treng også årleg vedlikehald. Ein av dei viktigaste vegane i Eidfjord kommune, Tinnhølvegen, vert klargjort for ny sesong (foto: Kjell Arild Kvale)



Eidfjord kommunehus fekk i år etterlengta utvendig vedlikehald. Nybeisa og fint er det ein pryd for sentrum. (foto: Kjell Arild Kvale)



Kåring av årets beste rakafisk, 1.plass Gunnhild Sandvin og Arne Skår, 2.plass Asle Øydvin og 3.plass Atle Myklatur. (foto: Agurtxane Concellon)



Matkulturfestivalen 2016 (foto: Agurtxane Concellon)



Nam nam (foto: Agurtxane Concellon)



Brann i Måbødalen (foto: Kjell Arild Kvale)



3 gode vener frå kunstprosjektet på Læg Reid skule (foto: Glenn Wiik)



Musikkorpset stiller trufast på jolegrantenninga (foto: Glenn Wiik)



Flotte nye lokale i Modnen barnehage (foto: Aina Næss)



Siste turistskip for sesongen: Aida Sol forlet Eidfjord (Gunnhild Sandvin)



Tradisjonsrikt 17.mai-tog (foto: Manfred Menze)



Oppgradering i Modnen barnehage (foto: Kjell Arild Kvale)



Frivilligsentralen (foto: Timo Knoch)



Forskar Ellen Viste og 3.kl. ved Læg Reid skule

Klimadugnad 2016 i Eidfjord

Tekst/foto: Timo Knoch

Aksjonsveka Klimadugnad 2016 i Eidfjord i samarbeid med Besteforeldrenes klimaaksjon var svært vellykka! Klimaendringane vart sett på dagsorden i fyrste veke i november og arrangementa nådde ut til mange grupper i lokalsamfunnet, frå tredjeklassingar til lokalpolitikarane. Takk til alle som stilte opp, både som bidragsyter og publikum!

Aksjonsveka starta med eit besøk av to styremedlemmer i Besteforeldrenes klimaaksjon, Halfdan Wiik og Harald Smedal. Dei vitja Evje Aktivitetssenter og held eit innlegg i kommunestyret. Politikerane viste til dette innlegget frå Halfdan Wiik i diskusjonen om innkjøp av ein skulptur for tusenårsstaden og gjekk til slutt inn for å bruka kr 150000,- ekstra for å få skulpturen produsert i Noreg framfor å frakta den frå Kina hit. Dette er vel det mest konkrete resultatet av Klimadugnad 2016 i Eidfjord! Debatten rundt cruise-trafikken sine konsekvensar for lokalsam-

funnet på tysdag fekk òg mange gode tilbakemeldingar; ikkje overraskande verdsetter man det positive økonomiske bidraget til det lokale næringsliv veldig høgt, men det var viktig og nyttig å diskutera temaet.

Besøket frå Ellen Viste frå Bjerkenessentret for klimaforskning var ei høgdepunkt for tredje klassen på Læg Reid skule på torsdag i aksjonsveka. Elevane hadde hatt om vatnkretsløp i naturfag og hadde forberedt mange spørsmål. Dei var spente til å møte ein ekte klimaforskar og somme

vart overraska at forskaren var ei dame... I nærmare to timar satt elevane, stilte spørsmål, lytta til svara frå Ellen og kom med nye spørsmål. Dette var eit besøk som tredje klasse kjem til å hugsa lenge!

Fortsett å fylgja facebook-sida <https://www.facebook.com/Klimadugnad2016iEidfjord/> ! Sjølv om aksjonsveka er avslutta; me vil publisera og dela informasjon om Besteforeldrenes klimaaksjon, relevant forskning her og planlegging av Klimadugnad 2017 er allereie i gang!

SFO



Tekst/ foto: Wilma Bergman

Når sola ikkje lenger går over fjella og kulda set inn, byrjar jolekosen på SFO. Då kriblar det i hjarta og fingrane til borna, og det er kjekt og spanande å laga jolegâver og pynt!

Me hadde også i år adventsfrukost. Det er ei koseleg morgonstund med god mat, der foreldre i 1.-4.klasse er inviterte. Det var kjekt å ha familien på skulen, var det fleire som sa etterpå. I desember høyrer me på jolemusikk, les joleforteljingar og kanskje kan me også skape litt jolelukt med klemmentinar og peparkaker. Jolestemninga er på topp på SFO!!
God jol frå alle oss!





“Storingsrepresentantar”

Eidfjord ungdomsråd 2016/2017

7. og 9. september 2016 vart det halde val av nytt ungdomsråd. Det var 25 ungdommar som stemte og 10 ungdommar som stod på val.

Desse 6 vart med i ungdomsrådet:

Håvard Sæbø
Oda Medhus
Emilie Vivelii Tveit
Helene HongQin Enge Monsen
Isabell Joanne Naesheim
Thorfan Amnatcharoen

Ådne Herland og Hermann Telle vart vald for 2 år i 2015 og er difor fortsatt med i ungdomsrådet. Ungdomsrådet konstituerte seg 19. september og valde då Helene HongQin Enge Monsen til leiar og Isabell Joanne Naesheim til nestleiar.

Ungdomsrådet har vore med å uttala seg om budsjettet. Har du saker og innspel til ungdomsrådet kan du ta kontakt med medlemmane eller med sekretær Bergljot Maria Veivåg.

PÅ TUR MED UNGDOMSRÅDET

Tekst og foto: Amanda Hauso Sandven og Maria Myklatun

Ungdomsrådene har lenge spart opp penger fra møtegodtgjørelsen til medlemmene som kan brukes til felles tiltak, og har lenge planlagt en tur til Oslo for å besøke Stortinget. Mandag 14. november dro det nye og det “pensjonerte” ungdomsrådet til Oslo. Ordfører Anved Johan Tveit, kultursjef Lisbeth Bygstad Celik og Ole Johnny Odland var også med på turen. Bergljot Maria Veivåg organiserte turen for oss. Vi kom fram sent på mandagen, så programmet begynte først på tirsdagen.

Vi startet tirsdagsmorgenen med å spille kommunespillet. Dette spillet gikk utpå å være samfunnsplanleggere for en fiktiv kommune med navn Snasen. I denne kommunen skulle det bygges et nytt sykehjem. Vi ble delt i 3 grupper, og innenfor gruppene hadde alle ulike oppgaver. Oppgavene var bemanning, byggeplanlegging, innovasjon og trivsel, og vi måtte samarbeide for å finne en løsning som var innenfor budsjettet og fikk flertall i kommunestyret. Dette var en stor suksess, og vi lærte mye om lokaldemokratiet og beslutningsprosessen i en kommune. Spillet var veldig gøy og lærerikt! Snasen kommune hadde mange likhetstrekk med Eidfjord, og dette gjorde spillet veldig relevant for ungdomsrådet.

Etter kommunespillet dro vi til Stortinget

og fikk prate med ulike politikere. Anved Johan hadde organisert det slik at vi fikk møte Kjersti Toppe (Sp), Per Olaf Lundteigen (Sp), Heidi Greni (Sp), Sigurd Hille (H) og Helge Andre Njåstad (Frp). De fortalte om hvilke rolle de hadde på Stortinget, og vi fikk stille de spørsmål. Vi diskuterte mye om ulike tema, blant annet fraværs grensen, kommunereformen, barnevern og utvikling av arbeidsplasser i distriktkommuner. Det var veldig interessant å få diskutere saker ungdomsrådet er opptatt av, og å få høre de ulike meningene til politikerne. Etter dette fikk vi en omvisning på Stortinget. Vi var inne i Stortingssalen og hørte på en sak før vi gikk videre til Eidsvollsgalleriet. Her fikk vi lære om historien til Stortinget og grunnloven vår.

På kvelden gikk vi for å spise pizza på Lofthus Samvirkelag, som er startet opp av Øyvind Lofthus. Han er kjent fra “Hele Norge Baker” og har startet bakeriet “Åpent Bakeri”. Han er oppvokst på Lofthus og bruker en del råvarer som er kjent i Hardanger. Blant annet eplesaft med epler herfra. Pizzaen får den beste kritikken i alle matanmeldelser og dette skjønner vi godt.

Senere dro vi for å spille enda et spill. Denne gangen var det “The Escape Game”. Her ble vi delt i to lag og målet med spillet var å komme seg ut av et rom

før det andre laget. I hvert av rommene måtte vi jobbe sammen som et lag for å finne gjenstander, utforske ledetråder og løse gåter. Rommene hadde en egen verden, og målet var å finne nøkkelen til døren for å komme seg ut av rommet. I det ene rommet var laget pirater som skulle finne en ametyst, og i det andre var laget gangstere i New York som måtte finne penger fra en forbrytelse. Sammen med skatten fant vi nøkkelen til døren. I spillet var samarbeid veldig viktig og ungdomsrådet løste mysteriene fort.

På onsdagen var det fritid fram til toget gikk tilbake til Voss. Dette har vært en spennende og lærerik tur, og det var veldig lærerikt å dele erfaringer fra det gamle rådet til det nye. Vi takker for turen og ønsker det nye ungdomsrådet masse lykke til videre!



Pizzakos



Aktiviteter på togturen til Oslo

JENTEKAFÉ

Tekst og foto: Bergljot Maria Veivåg og Anne Myklatun

Den tidlegare jentegruppa er gjort om til jentekafe. Jentekafeen er for jenter på ungdomskulen og møtes ein tysdag i månaden frå oktober til april. Det er påmelding ved oppmøte 1. gong og forpliktande kontrakt og taushetsløfte. Det vert gode samtalar og litt praktisk arbeid på kvar samling.

Målet er å knytta jentene på ungdomskulen tettare saman og skapa eit samhald på tvers av klassetrinna. Det å vera jente er ikkje nødvendigvis vanskelegare enn å vera gut, men likevel er det ei satsing på jentegrupper rundt om i Skandinavia. Desse gruppene arbeider med å styrka samhaldet mellom jentene, skapa bevisste haldningar, samtala om grenser, følelsar, vennskap, tillit og alle dei utfordringane ein kan møta. Det er viktig å gå vidare ut i den store verda rusta for nye utfordringar, bevisst og klar til å stå for egne val. Etter nyttår vert jentene i 7. klasse invitert til å vera med på jentekafeen. Datoane etter nyttår er ikkje bestemt enno då me tilpassar oss konfirmasjonsundervisninga i kyrkja.

Vaksne tilstades er helsesyster Anne Myklatun og kulturkoordinator Bergljot Maria Veivåg.

*Vi onskjer deg God Jul
og eit "Sutalaust" Nytt år*

*Det er måneden av kaker og lys,
sno og sanger av glede og kjærlighet,
det er desember!*

Lionsclub Eidfjord



Tekst: Leiv Vambheim, alle foto: Lions Club Eidfjord

Lionsklubben i Eidfjord er 15 år i mars 2017. Lions er verdensspennende organisasjon med 46 000 Lionsklubbar i over 200 land. Kvar Lions klubb er ein vanleg frivillig organisasjon open for alle. Me er rundt 11.000 medlemmer i 440 klubbar i Noreg. Dette er menn og kvinner som ønskjer å bruka noko av fritida si til å hjelpa andre. Den internasjonale Lionsrørsla er 100 år i 2017. Klubbarbeidet starta i USA og hovudsetet for Lions er i Oak Brook, USA .

Eit medlemskap i Lions inneber eit oppriktig og aktivt engasjement for å hjelpa andre. Det skal også gje medlemmene høve til personleg utvikling og inspirasjon i eit miljø prega av vennskap og entusiasme. Lions er politisk og religiøst nøytralt, og har felles verdigrunnlag og felles mål.

Lions tek på seg diverse oppdrag for å samla inn pengar til gode føremål over heile verda. Lions har også eit sosialt engasjement i eigne lokalmiljø. Me er

opptatt av at innsamla midlar skal gå til hjelpearbeid, ikke til administrasjon. Utgifter til drift av organisasjonen som klubbmøte og fellesutgifter vert hovudsakleg dekkja av medlemskontingenten. Lc Eidfjord har i år 14 medlemmer og me ønskjer å verta fleire. Det er ope medlemskap og fritt fram å melda seg inn ved å ta kontakt med ein av klubbmedlemmene våre. Døme på aktivitetar i Lc Eidfjord i 2016 er Jolegrantenninga, Tv-aksjonen, parkering Småbanecup, rigging og nedrigging Matkulturfestivalen,

vedlikehald av Turstiar. Me er opne for å ta på oss praktiske oppgåver i bygda vår. Ta gjerne kontakt for oppdrag.

Me har 10 klubbmøte i året, 4. tysdagen i månaden klokka 20.00. På klubbmøta har me vanlege klubbsaker og ulike tema som opplyser oss med ny kunnskap.

Sjå heimesida: www.lions.no - trykk så gjerne på engasjer deg og bli medlem. For Lc Eidfjord Leiv Vambheim, sekretær, 90944980 eller vambheim@hotmail.com



Arvid Lygre, Oddmund Læg Reid og Reidar Gjøtterud på turstidugnad.




Birgitte Hereid merkar stien til Kjeåsen.



Brubygging – Steinar Elvebakk og Leiv Anders Vambheim.



Leiv Anders Vambheim og Steinar Elvebakk lagar ny trapp på stien til Kjeåsen.



Sysendalen i 2016

Tekst: Lilliann Høyvang Andreassen

Sysendalen Skisenter AS er Eidfjord kommune sitt eideomsselskap knytt til skisenteret på Maurset. Alle bygningane og dei faste installasjonane til alpinanlegget på Maurset høyrer inn under Sysendalen Skisenter AS. Sysendalen Løypelag er ikkje lagt i eige organisasjonsnummer. Det er lagt inn under Sysendalen Skisenter AS som ei avdeling. Heile drifta av alpinanlegget er satt ut til Hardangervidda Ski- og Fjellsport AS gjennom ein driftsavtale. Avtalepartar i denne driftsavtalen er Sysendalen Skisenter AS og Eidfjord kommune. Sysendalen Løypelag er avtalepart når det gjeld løypekøyring. Det har skjedd mykje positivt i Sysendalen i løpet av 2016.

Det vart i mars 2016 sendt søknad til Hardangerstiftinga og til Sparebanken Vest sine allmenntilgjeldende midlar. Tiltaka det vart søkt om midlar til var bru i Skitsetegila og rekkverk på øvste brua i Isdøla.

Det blei og søkt Eidfjord kommune om finansiering av gang-/sykkelsti/lysløype frå Liset til Midtbø. Det vart innvilga kr 200 000 frå Hardangerstiftinga og kr 700 000 frå Eidfjord kommune. Rekkverk på brua i Isdøla vart levert av Kjosås Maskin AS i månadsskiftet oktober/november. Brua i Skitsetegila ligg hjå Miljøvernavdelinga i Hordaland fylke og det er gjeve eit års utsetting på den delen av midlane som gjaldt brua. Norconsult AS arbeider med å lage ein montasje til Hordaland fylke der me freistar synleggjere korleis det kan ivareta kast at den gamle ferdsleveggen frå Måbø gard og opp til Fet går gjennom dette gjelet. Bruk av naturstein til brukar er ei mogeleg løysing.

Sysendalen Løypelag vil saman med Lars Liseth starta planlegginga av ny gang-/sykkelsti og lysløype frå Liset til Midtbø på ettervinteren 2017.

I fjor haust vart det rydda eit område for aking og skileik for dei minste borna vest for nedfartane på Maurset. Eidfjord

kommune tok på seg ansvaret for å sikra dette området. Det renn ein større bekk gjennom området. Det vart avtala at Eidfjord kommune skulle syte for å føre bort vatn og leggje i røyr vatn også i myra for enden av nedfartane. Eit område som er sårbart ved lite snø, mildver og når det er sein påske. Det er innhenta pris på dette arbeidet og det viste seg å verta så omfattande at det ikkje vert teke før til våren 2017.

Sysendalen Løypelag har saman med Sysendalen Hyttevevforbund arbeidd med å ferdigstilla nytt kart over turløyper i Sysendalen. Dette er ein del av Det nasjonale merkeprosjektet. Kartet er ferdig og sju informasjonstavler vert monterte i Sysendalen før sesongstart 2016/2017. Åsmund Kåre Røyrvik frå Maurset velforeining har gjort ein kjempeinnsats med å GPS-feste sommarløypene rundt Grytehoggi. Sondre Myrvang frå Hardangervidda Ski- og Fjellsport AS har i samarbeidd med firma Jacilla hjulpet til med lokalkunnskap i arbeidet med skiltplan med 40-50 retnings-/avstandsskilt til dette løypenettet. Desse skilta vert ikkje plassert ut i løypenettet før til våren/sommaren 2017. Sysendalen Løypelag og Sysendalen Hyttevevforbund har fått kr

144 000 frå Det nasjonale merkeprosjektet til arbeidet med informasjonstavler og skilt. Dessutan har Eidfjord kommune stilt kr 50 000 til disposisjon.

I haust er det lagt ned 500 dugnadstimar ulike stader i Sysendalen. Mykje folk og utstyr har vore i arbeid. Opp frå Midtbø mot Åstestølen er løypa justert slik at bakken kanskje ikkje fortener namnet monsterbakke lenger. Det er etablert ei heilt ny rundløype frå Solbakken opp på Gardsmyrane, via Gamle Gommakvile og inn på Garen nord for Rv7. Det er rydda heilt ny løypetrase frå Grov, over Drølstølsbekken og inn på løypa mot Bjørkehaugen. Det er rydda lågare løype ut frå Skitsetegila mot Høel. I tillegg er det gjort mindre forbetringar i resten av løypenettet. Blant anna er det lagt ned ein del røyr. På initiativ frå Hardangervidda Ski og Fjellsport AS er det laga ny elvekryssing mellom Garen og Fet.

Det har vore eit fantastisk samarbeid med hyttefolk, grunneigarar og Eidfjord kommune. No er det berre å gle seg og kryssa fingrane for ein god og stabil snøvinter i Sysendalen. Sysendalen Løypelag og Sysendalen Hyttevevforbund satsar på at nøgde turgåarar betaler den frivillige løypeavgifta med glede.

LANG OG TRU TENESTE I EIDFJORD KOMMUNE

Tekst: Elisabet Joleik/ Foto: Marta Tveit

3 tilsette hadde no 25 år samanhengande teneste i Eidfjord kommune. Desse er: Knut Ingar Myklatun, Kari Sissel Bjotveit og Gunn Hordvik Sandvik

17. november inviterte arbeidsgjevar til festmiddag for å markera dette, og få høve til å gje dei ei påskjøning for lang og tru teneste i Eidfjord kommune. Etter 25 år hjå same arbeidsgjevar, har dei mykje erfaring og kunnskap. Det er til stor glede og nytte for oss som arbeidsgjevar og dei me yter tenester til. Me vil takka for innsatsen, og vonar me får halda fram med å ha dei i arbeid i mange år framover og.



Jolekonsert

I Eidfjord kyrkje
Sundag 18. desember kl 19.00

Toneskredo med

Torbjørn Alfson, gitar
Peter Haltorp, bass
Rune Mørland, trommer
under leiing av

Tom Jarle Istad Kristiansen

Billett kr. 200 (born i grunnskulen gratis)

Førehandsal (kontant og kort) på YX Eidfjord og på turistkontoret i Eidfjord frå 1. desember

Velkomen!